Norad

# Årsrapport 2023

Norad



# Årsrapport 2023

Norad

ISBN: 978-82-8369-197-9
Utgitt: 15.03.2024

**norad.no**

**Bilete på framsida**
*Bilete frå feltbesøk til San Martín, Peru i juni 2023. Norad, med finansiering frå klima- og skoginitiativet, støttar gjennomføringa av felleserklæringa mellom Peru, Tyskland, Storbritannia og Noreg om implementering av tiltak for å redusera avskoging. UNDP-Peru var implementerande partnar i perioden 2016-2023.*

Foto: Thea Namtvedt Tuv

# Innhald


**Del I Leiaren si fråsegn** **5**

**Del II Introduksjon til Norad og hovudtal** **7**

**Del III Aktivitetar og resultat i 2023** **10**

| | | |
|---|---|---|
| **1.** | **Satsingsområde** | **10** |
| 1.1 | Nansen-programmet for Ukraina | 10 |
| 1.2 | Klimafinansiering | 13 |
| 1.3 | Mattryggleik og kamp mot svolt | 17 |
| 1.4 | Global helse | 21 |
| 1.5 | Ulikskap | 24 |
| 1.6 | Likestilling og kvinner sine rettar | 27 |
| 1.7 | Demokrati og menneskerettar | 30 |
| 1.8 | Klima- og skogsatsinga | 33 |
| **2.** | **Kvalitet og effektivitet** | **40** |
| **3.** | **Kunnskapsutvikling, formidling og dialog** | **44** |
| **4.** | **Evaluering** | **49** |
| **5.** | **Oppdrag gitt av Utanriksdepartementet** | **50** |
| **6.** | **Utgreiing av større avvik mellom tildelt beløp og rekneskapsført beløp** | **53** |

**Del IV Styring og kontroll** **54**

**Del V Framtidsutsikter** **59**

**Del VI Årsrekneskap** **60**

**Vedlegg** **72**

## Om Norad

Norad sitt samfunnsoppdrag var i 2023 å støtte Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet med å nå måla i norsk utviklingspolitikk. Norad forvaltar tilskotsmidlar på utviklingsfeltet og gir bistandsfaglege og forvaltingsfaglege råd til departementa og utanriksstasjonane. Norad deler norsk kompetanse med utviklingsland, initierer og gjennomfører uavhengige evalueringar, og kommuniserer om langsiktig utviklingssamarbeid og resultat.

Norad forvalta

# 25,8

## milliarder

kroner i bistand i 2023

Norad forvalta

# 45 %

## meir i 2023

samanlikna med 2022



# Del I Leiaren si fråsegn

Krig, konflikt og klimakrise prega 2023. Men i møte med desse finst det menneske med gode idear, løysingar, og innsatsar. Norad si rolle er å bidra til å løfte fram dei beste av desse for saman å nå berekraftsmåla.

2023 var eit rekordår for Norad. Direktoratet har aldri før har forvalta større midlar, frå 17,6 til nær 26 milliardar frå året før. I mars vedtok Stortinget *Nansen-programmet for Ukraina*, ein pakke på 75 milliardar kroner over fem år til militære og sivile formål som følgje av Russlands åtakskrig mot Ukraina. Norad fekk ansvaret for forvaltinga av den sivile delen av programmet - det største bistandsprogrammet i norsk historie. Gjennom ei ny avdeling og tett kontakt med Utanriksdepartementet og andre aktørar sikrar me at midlane treff behova best mogleg. Samstundes vedkjem krigen i Ukraina oss alle, òg land Norad har jobba med over tid. Gjennom Sør-pakka investerte Norad i 2023 1,5 milliardar kroner for å dempe konsekvensane av angrepskrigen mot Ukraina i utviklingsland.

Innsatsar som 'Sør-pakka' syner kor store utfordringane er. Verdas matvareprogram skildrar 2023 som nok eit år med ein global svolt- og feilernæringskrise. Meir enn 333 millionar menneske lev i akutt matutryggleik og veit ikkje når dei kan få sitt neste måltid. Det er 200 millionar fleire enn før covid-19 pandemien. Kampen mot svolt er ei hovudprioritering i regjeringa sin strategi for auka mattryggleik og sjølvforsyning globalt på kort og lang sikt.

Likevel er finansieringsgapet for å nå berekraftsmåla stort, og offentlege midlar aleine strekk ikkje til. Det er difor viktig at Norad og andre utviklingsaktørar legg endå betre til rette for investeringar frå privat sektor. Her er potensialet enormt og lite utnytta. Eit døme er behovet for meir kapital og risikoavlasting i landbrukssektoren. For å mobilisere private kjelder har Noreg og USA saman bidrege med etableringa av eit nytt fond, FASA-fondet, verd 700 millionar kronar for å styrke små- og mellomstore landbruksverksemder i Afrika sør for Sahara. Det er gjennom slike ordningar at ein kan gå frå å nå tusenar, til å nå millionar av sluttbrukarar.

Konsekvensane av klimaendringar og ekstremvêr råker milliardar av menneske stadig hardare. I 2023 jobba Norad systematisk for å bidra til målet om dobling av klimafinansiering og tredobling av støtta til klimatilpassing innan 2026, og me er godt i rute med å nå begge måla. Det norske Klima- og skoginitiativet er sentralt her, der Norad forvaltar avtalar på vel ein milliard kronar for tiltak som bidreg til å redusere og reversere tropisk avskoging.

Å bidra til ei grønare verd er òg høgt prioritert i Norad sin strategi mot 2030 som eit av fem utviklingsområde. Det betyr at klima og miljø skal integrerast i alt Norad gjer, både internt og i samarbeidet med partnarar. Norad jobbar for å talfeste og redusere utslepp frå eiga verksemd i tråd med 2030-måla.

Behovet for rask og innovativ grøn energiomstilling har aldri vore større. Norad bidreg til å sikre at folk i utviklingsland, frå småbrukarar til flyktningar, får betre tilgang til reine straumkjelder og matlagingsløysingar. Noreg bidreg mellom anna inn i eit fond i Afrikabanken som skal knyte 81 millionar hushald til grøne mininett innan 2030.

Framstega i bistanden sit ofte i det langsiktige. Noreg har jobba tett opp mot vaksinealliansen Gavi som i 2023 avgjorde å investere ein milliard dollar inn i vaksineproduksjon i Afrika. I 2023 vart den første vaksina mot malaria tilgjengeleg og har stort potensial. Gjennom samarbeidet med Unitaid, GFF og andre har ein teke store skritt for å kunne gi millionar av kvinner i Afrika og Asia tilgang til behandling av livmorhalskreft innan 2030.

For å sikre ei betre og meir rettferdig verd må alle få høve til å ta del i utviklinga av eigne samfunn. Norad jobbar systematisk for å nå målsetjinga om at minst halvparten av all bilateral bistand skal ha likestilling som heil- eller delmål. Menneskerettar står sentralt i våre innsatsar og i kampen mot fattigdom, ulikskap og diskriminering. Norad arbeider for realisering av menneskerettane og styrking av demokratiet gjennom utstrekt samarbeid med mellom anna FN-organisasjonar, Verdsbanken og sivilt samfunn.

Norad legg til rette for fagleg debatt og kunnskapsutveksling om norsk bistand og utvikling. Norad arrangerte 26 seminar og debattmøte i 2023 med til saman over 2500 deltakarar. Me presenterte årlege tal på norsk bistand under konferansen *Tall som teller* og lanserte rapport om situasjonen for verdas fattige i høve FNs dag for avskaffing av fattigdom. Gjennom samarbeid med ein rekke aktørar produserte Norad-prosjektet *Bistand 2030* fleire rapporter om heilskapleg innsats i skjeringspunktet mellom humanitær nødhjelp, langsiktig utvikling og fredsarbeid. Desse er verd å lese.

I Norad jobbar me strategisk for å sikre kvalitet i alt me gjer. Gjennom ny Plusspartnar-ordning og innføring av porteføljestyring har me i 2023 lagt til rette for kunnskapsbaserte tilnærmingar og langsiktige, strategiske partnarskap som kjem målgruppene til gode.

2023 har vore eit år med store endringar, og om du les heile rapporten, får du nyss om endå større omveltingar i vente. Alt det me utrettar og gjer vert mogleg takka vere Norad sine dedikerte og fagleg dyktige medarbeidarar. God lesing!



Oslo, 15. mars 2024

Bård Vegar Solhjell
direktør

# Del II Introduksjon til Norad og hovudtal

## Hovudoppgåver og verksemd

Norad sine oppgåver var i 2023 forankra i Instruks for Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) gitt ved kongeleg resolusjon av 31. januar 2020 , i kraft frå 1. februar 2020:

Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) er administrativt underlagt Utenriksdepartementet (UD). I saker som gjelder klima- og skogsatsingen, er Norad underlagt Klima- og miljødepartementet (KLD).

Norad har som hovedoppgave å:

- forvalte tilskudd på utviklingsfeltet i henhold til årlig tildeling fra Utenriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet
- gi bistandsfaglige og forvaltningsfaglige råd til Utenriksdepartementet, utenriksstasjonene og Klima- og miljødepartementet
- utvikle og drifte forvaltningssystemene for bistand
- dele norsk kompetanse med utviklingsland gjennom bruk av norske fagmiljø
- initiere og gjennomføre uavhengige evalueringer av utviklingssamarbeidet og klima- og skogsatsingen
- kommunisere om langsiktig utviklingssamarbeid og resultater

Norad får delegert ansvar for å forvalte årlege tildelingar frå Utanriksdepartementet (UD) og Klima- og miljødepartementet (KLD). Tildelingane forvaltast etter mål og prioriteringar i dei årlege budsjettproposisjonane, supplert med føringar i tildelingsbrev.

Norad leiast av direktør Bård Vegar Solhjell. Leiargruppa bestod per 31 desember 2023 i tillegg av Rannveig Rajendram, Lisa Sivertsen, Håvard Nygård, Per Fr. Pharo, Gunvor Skancke, Martha Haukaas og Lisetta Trebbi. Norad har kontor i Bygdøy Allé 2 i Oslo.

**Endringar av Norad sitt ansvar og oppgåver i 2023**

Norad fekk i 2023 ansvar for å forvalte den sivile delen av Nansen-programmet for Ukraina. Norad si forvalting av Nansen-programmet for Ukraina omtalast under Del III, kapittel om satsingsområde.

I august 2023 kom regjeringa sitt vedtak om at Norad frå 2024 skal forvalte større deler av bistandsbudsjettet, inkludert humanitær innsats. Sjølv om endringa i hovudsak ikkje skjer før hausten 2024 starta UD og Norad i fellesskap å planleggje for overføring av både oppgåver og budsjettmidlar. Arbeidet hadde høg prioritet. Erfaringar frå overføringa av forvaltinga av Nansen-programmet til Norad har vore nyttig i planlegginga for å ta imot nye oppgåver og meir tilskotsmidlar.

## Figur 1 Organisasjonskart




## Tabell 1 Utvalde nøkkeltal frå Årsrekneskapen (i 1000 kroner)

| | 2022 totalt | UD (2023) | KLD (2023) | 2023 totalt |
|---|---|---|---|---|
| Tal tilsette (SSB) | 283 | | | 272 |
| Tal avtalte årsverk (SSB) | 277 | | | 267 |
| Tal utførte årsverk | 259,3 | 227,6 | 21,6 | 249,1 |
| Samla tildeling post 01-99 | 18 098 588 | 24 929 807 | 1 293 350 | 26 223 157 |
| Utnyttingsgrad post 01-29 * | 95 % | 93 % | 99 % | 94 % |
| Driftsutgifter * | 422 416 | 392 809 | 34 683 | 427 492 |
| Lønnsandel av driftsutgifter * | 62 % | 66 % | 65 % | 66 % |
| Lønnsutgifter per årsverk * | 1 016 | 1 134 | 1 046 | 1 127 |
| Tildeling tilskotspostar | 17 654 060 | 24 504 841 | 1 258 250 | 25 763 091 |
| Tal budsjettpostar | 31 | 30 | 1 | 31 |
| Utnyttingsgrad tilskotspostar samla | 100,0 % | 100,0 % | 99,9 % | 100,0 % |

* Som definert i DFØ sitt Rettleiingsnotat til årsrekneskap for statlege verksemder.

### Figur 2 Tildeling tilskotsmidlar forvalta av Norad i 2022 og 2023



# Del III Aktivitetar og resultat i 2023

Norad omtalar i Del III våre bidrag til å nå berekraftsmåla og måla for regjeringa sine hovudprioriteringar og satsingsområde. Det er Norad sin vurdering at me har løyst oppdraga som UD og KLD gav Norad i 2023 på ein tilfredsstillande måte, og følgt opp dei føringane me fekk.

For å gi eit betre bilete av Norad sin samla innsats innan prioriterte satsingsområde har me for 2023 samla omtalen av vurderingar knytt til forvaltinga av tilskotsmidlar, rådgiving og kunnskapsutvikling, kunnskapsprogram, tverrgåande omsyn, støtte til forsking osb. under kvart satsingsområde som er gitt i Tildelingsbrev 2023 frå dei to departementa, og oppdraget Norad fekk seinare på året om å forvalte den sivile delen av Nansen-programmet for Ukraina.

Der er tydelege koplingar mellom satsingsområda og andre tematiske område. KLD gav ei særskild føring om at Norad kartlegg under kva innsatsområde/porteføljar det er potensiale for å styrkje synergiar med klima- og skoginitiativet. Me har lagt vekt på å syne nokre koplingar og moglege synergiar under kvart av satsingsområda. Norad sitt arbeid med å integrere innovasjon og digitalisering er omtala under det einskilde satsingsområdet. Arbeidet med tilskot til garantiinstrument og tilskot til avsetning av tap omtalast under relevante satsingsområde.

Mykje av tilskotsmidlane Norad forvaltar er bundne opp for fleire år. Difor er det ikkje lett å gi ei vurdering av kva val me tek kvart år for den einskilde budsjettposten. Omtalen syner at Norad innan særlege satsingar ser budsjettpostar i samanheng gjennom dei porteføljane me har etablert. Me trur dette på sikt gir god fleksibilitet som vil bidra betre til å nå måla regjeringa har sett.

Norad sitt systematiske arbeid med å effektivisere, forbetre og forenkle arbeidet med forvalting av tilskotsmidlar, og arbeid som kan gi meir effektivitet i bistanden er dekka under kapittelet 'Kvalitet og effektivitet'. Det er ei samla omtale av Norad sitt arbeid for å systematisere, utvikle, dele, bruke og kommunisere kunnskap og resultat under 'Kunnskapsutvikling, formidling og dialog'. Evalueringsarbeidet har ein eigen omtale for 2023, som for tidlegare år.

## 1. Satsingsområde

### 1.1 Nansen-programmet for Ukraina

Norad fekk i 2023 ansvaret for forvaltinga av den sivile delen av Nansen-programmet for Ukraina, det største bistandsprogrammet i norsk historie.

Russland sitt angrep på Ukraina 24. februar 2022 er eit tidsskilje for Europa og ein trussel mot internasjonal tryggleik. Eit samla politisk Noreg gjekk saman i fordømminga av Russland si krigføring i Ukraina. Nansen-programmet for Ukraina er ein historisk støttepakke vedteken av alle parti på Stortinget (Innst. 218 S (2022-2023)). Det femårige støtteprogrammet er det største bistandsprogrammet til eit land i krig i norsk historie. Stortinget slutta seg til seks førande prinsipp og rammer for bruk av midlar gjennom Nansen-programmet:

- Eit Ukraina som kan bestemme over eiga framtid
- Ukraina sitt behov ligg til grunn for den norske støtta
- Støtta skal koordinerast med ukrainske styresmakter og internasjonale partnarar
- Eit tydeleg skilje mellom militær og sivil støtte
- Humanitære prinsipp ligg til grunn for all humanitær innsats
- Dokumentert leveringsevne og gode kontrollsystem skal prioriterast

Norad overtok forvaltinga av eit program under oppbygging, der dei fleste sektorar og samarbeidspartnarar allereie var identifiserte, basert på prinsippa og føringane frå Prop. 44 S (2022-2023), jamfør over. Nansen-programmet for Ukraina innebar nye tema for Norad; eit nytt geografisk område, naudhjelp som bistandsform, samt at enkelte partnarar òg var nye for Norad. Norad jobba systematisk for å lære om desse temaa og å byggje naudsynt kompetanse gjennom møte og seminar, ekspertforedrag, og ved å rekruttere medarbeidarar med erfaring med humanitær bistand og frå Ukraina og naboland. 2023 var prega av gjennomføringsmodus. Parallelt med å inngå avtaler og utbetale kring 5,5 mrd. kroner, rekrutterte og bygde Norad opp ei ny avdeling for Nansen-programmet i Ukraina med 15 medarbeidarar for å svare på det nye oppdraget.

### Oppdrag og leveransar i 2023

Norad overtok ansvaret for forvaltinga av den sivile delen av Nansen-programmet 1. september og inngjekk avtaler med partnarane i programmet. Relevante avdelingar i UD og Norad hadde løpande kontakt og samarbeid i forkant, under og i etterkant av sjølve overføringa av forvaltingsansvaret, i tillegg til avklaringar i styringsdialogen. Det er framleis tett samarbeid med UD og ambassaden i Kyiv, og fleire faste møteplassar for koordinering. Nansen-programmet blir koordinert av ei tverrdepartemental styringsgruppe der Norad har observatørstatus. Hausten 2023 vart det i tillegg gjennomført reiser saman med UD til Moldova og Ukraina.

Norad utbetalte 5,5 mrd. kroner av totalt 8,9 mrd. kroner i sivil støtte gjennom Nansen-programmet i 2023. I samband med inngåing av avtaler vart det for enkelte kjende partnarar gjort forenkla vurderingar i vedtaksdokument, basert på ei effektivitets- og risikovurdering.

**Matutryggleik som følgje av auka prisar på matvarer etter Russland sin angrepskrig mot Ukraina vart redusert.**

Norad prioriterte prosjekt som kunne setjast i verk raskt og forbetre mattryggleikssituasjonen for målgruppene allereie i 2023. 1 mrd. kroner vart kanalisert gjennom multilaterale partnarar med god tilgang og kapasitet, medan 500 mill. kroner vart fordelt mellom seks sivilsamfunnsorganisasjonar.

Kirkens Nødhjelp og partnarane deira nådde om lag 15 000 småskala matprodusentar i fem land: Etiopia, Malawi, Somalia, Tanzania og Zambia. Nær 60 prosent av produsentane er kvinner. Oxfam Danmark har mellom anna støtta nær 24 000 småskalabønder (54 prosent kvinner) i Burkina Faso, Kenya, Mali, Syria, Sør-Sudan og Uganda. Bøndene har fått landbruksprodukt og andre innsatsvarer og tenester for jordbruk, husdyrhald og fiske. Verdas matvareprogram (WFP) har òg utløyst føre-var-aksjonar i sørlege Afrika for å redusere svoltrisiko som følje av El Niño.

Norad fekk i oppdrag å utarbeide utkast til ein kunnskap- og læringsplan for Nansen-programmet. Forslaget vart teken inn i Meld. St. 8 (2023-2024). Solid kunnskap er avgjerande for å kunne gjere gode vurderingar og prioriteringar og dermed sikre at midlane blir nytta så effektivt som mogleg. På oppdrag frå UD utarbeidde Norad òg forslag til korleis ei støtteordning for å styrkje ukrainsk sivilt samfunn kan setjast opp. I tillegg svarte Norad på oppdrag om å utarbeide forslag til norsk støtte for auka mobilisering av private investeringar i Ukraina. Stortingsmeldinga legg opp til at det skal etablerast tilskotsordningar for begge formål i 2024. Norad bidrog inn i sjølve skriveprosessen av stortingsmeldinga og til revideringa av den humanitære strategien. Forslag til ordningsregelverk for Kap 159, post 73 *Ukraina og naboland* vart utarbeidd på oppdrag frå UD.

**Faglege vurderingar frå Norad gjorde det mogleg å justere kurs undervegs**

Som del av programmet annonserte regjeringa 300 mill. kroner til krigsforsikring. I september gav Norad ei tilråding på fordeling av midlane mellom Verdsbankens garantiinstitutt MIGA og eit nytt initiativ for å styrkje forsikringsmarknaden i Ukraina i regi av Den europeiske utviklingsbanken (EBRD). Seint på hausten vart det klart at EBRD ville trenge meir tid til å planleggje initiativet. EBRD viste då til pågåande arbeid for å auke Ukraina sin eksport gjennom eit anna initiativ - maritim krigsforsikring. Norad vurderte det som fordelaktig å omdisponere midlar til dette som framleis var ein type krigsforsikring og dermed i tråd med politiske prioriteringar. Det ville bidra til auka handel, auka eksport av korn til verdsmarknaden og dermed kjærkomne auka eksportinntekter for Ukraina. UD tok Norad sine vurderingar til følgje. Norad signerte avtalen om maritim krigsforsikring i desember, og utviste med dette stor fleksibilitet og rask sakshandsaming.

Det er eit betydeleg og breitt engasjement for støtta til Ukraina i det norske samfunnet. Då det vart kjent at Norad skulle ta over forvaltinga av den sivile delen av Nansen-programmet, fekk Norad ei rekke førespurnadar frå m.a. næringsliv, sivilsamfunn, kommunar, forskingsmiljø og akademia. Norad valde å vere opne og imøtekomande. Me informerte om kva den sivile delen av Nansen-programmet er og fekk samstundes oversikt over sentrale miljø og lære om initiativ og utfordringar. Dette arbeidet vart gjort i samarbeid med UD. Nansen-avdelinga deltok m.a. på Arendalsveka og arrangerte tre innspelsmøte retta inn mot høvesvis forskingsmiljø, sivilt samfunn og næringsliv. Norad organiserte eit eige møte for norsk næringsliv med informasjon om moglegheita for støtte frå EBRD.

I samband med oppfølging av samarbeidsavtalar med partnarar, og for å lære meir om Ukraina og naboland og kva andre givarar gjer, har Norad koordinert arbeidet sitt med givarar som Sverige, Estland, Latvia, Tyskland, EU og USA.

Nansen-programmet skal innrettast og gjennomførast på ein måte som reduserer risiko så langt det er mogleg innanfor rammene av det ein ynskjer å oppnå. Fordi det er så viktig å støtte Ukraina, aksepterer regjeringa større risiko for å ikkje nå resultat i den militære og sivile støtta enn det ein under andre omstende ville ha akseptert. For å redusere risikoen i den sivile støtta, har ein valt å arbeide gjennom partnarar med dokumentert leveringsevne, tilstrekkeleg kapasitet og solide kontrollsystem.

Dei tverrgåande omsyna som gjeld i all norsk utviklingspolitikk gjeld òg for støtta til Ukraina. Norad rekrutterte ein anti-korrupsjonsekspert med erfaring frå Ukraina og naboland som får eit særleg ansvar for avdelinga sitt arbeid med risikohandtering knytt til korrupsjon. System for risikohandtering på tvers av porteføljen knytt til inkludering av kvinner og likestilling, klima og miljø og menneskerettar

er under etablering. I tillegg kjem målretta tiltak for å overvake menneskerettssituasjonen og dokumentere brot på menneskerettane.

For å bidra best mogleg til å dekke ukrainske behov er fleksibilitet naudsynt. Overordna måltal for politiske satsingsområde som gjeld for bistanden generelt, som klimafinansiering og likestilling, er difor ikkje førande for innrettinga av Nansen-programmet. Sivile midlar gjennom Nansen-programmet vil inngå i rapporteringa for dei ulike måltala og slik vere synlege gjennom statistikken, men har ikkje føring om å nå måla som er sett. Sjå òg omtale under 'Likestilling og kvinner sine rettar'.

Initiativ for å bidra til at kvinner sine rettar og likestilling blir varetatt er ein viktig del av innsatsen i Ukraina, særleg initiativ retta mot seksualisert og kjønnsbasert vald, men òg kvinner, fred og tryggleik. Menneskerettar, kvinner sine rettar og likestilling og utsette grupper vil vere viktige delar av tilskotsordninga som skal etablerast i 2024 for å styrkje ukrainsk sivilsamfunn.

## 1.2 Klimafinansiering

I 2023 jobba Norad på tvers av organisasjonen for å bidra til målet om å doble klimafinansiering og innanfor dette minst tredoble støtta til klimatilpassing innan 2026, samanlikna med 2020. Tala frå 2023 syner at me er på god veg til å nå begge måla. Klima og miljø er òg høgt prioritert i Norad sin strategi mot 2030 der det å bidra til ei grønare verd er eit av fem utviklingsområde.

**Tabell 2 Klimatilpassingsmarkør**

| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Øyremerkt bistand forvalta av Norad (mill. kroner)** | 654 | 726 | 955 | 2 015 |

- Noreg forplikta seg på COP26 i 2021 til å minst tredoble støtte til klimatilpassing innan 2026 samanlikna med 2020.
- Tabellen syner øyremerkt bistand til klimatilpassing forvalta av Norad, med førebelse tal for 2023. Dei endelege tala for 2023 ferdigstillast i mai, så det kan kome justeringar.
- Førebelse tal indikerer at bistand til klimatilpassing forvalta av Norad auka frå 955 mill. kroner i 2022 til 2 mrd. kroner i 2023. Av auka var 611 mill. kroner over 'Sør-pakka' over Kap 162, post 71. Utan denne var beløpet 1,4 mrd. kroner.
- Øyremerkt støtte til klimatilpassing er avtaler registrert med markøren klimatilpassing som et hovudmål eller delmål i prosjektet. Om minst eit av prosjektets hovudmål er klimatilpassing reknast 100 prosent av støtta som klimatilpassing, og 40 prosent om det er eit delmål. Kjernestøtte til multilaterale organisasjonar som arbeider med klimatilpassing er ikkje inkludert.

Hovudprioritet for forvaltinga av klimafinansiering var a) å følgje opp regjeringa sin strategi for klimatilpassing 'Klima, sult og sårbarhet' og strategi for mattryggleik 'Kraftsamling mot svolt', som inkluderer klimarobust matproduksjon[1], b) utforske innovative tilnærmingar og styrkje samarbeidet

[1] Oppfølging av matstrategien er omtala i kapittelet om mattryggleik og kamp mot svolt

med privat sektor, c) styrkje geografisk forankring av klimabistanden og d) følgje opp område som fornybar energi, hav og skog.

Handlingsplanen *En rettferdig verden er en likestilt verden* har som mål 5 at *Alle har rett og mulighet til å delta i arbeidet for klima, energi og matsikkerhet*. Me prøver å sikre at alle nye klimaprosjekt har ei god tilnærming til likestilling.

### Om forvalting og tilnærming i Norad

Klimafinansieringa er eit breitt satsingsområde, og midlane blir kanaliserte både som kjernestøtte til multilaterale aktørar som utviklingsbankane og FN-organisasjonar, og til bilaterale innsatsar. Norad jobbar primært mot låginntektsland. Desse landa står for ein veldig liten del av globale utslepp, men er svært sårbare for konsekvensane av klimaendringane. Samstundes veit me at for å nå dei globale klimamåla, må alle land ha lågutslepps-utvikling framover. Difor er det viktig å bidra til klimarobust utvikling i tråd med tilrådinga til FNs klimapanel.

Norad er del av Greening Education Partnership som UNESCO er sekretariat for. Norad er med i to av fem arbeids-grupper som jobbar for å utvikle meir grøne pensum og lærarutdanning og for å styrkje kapasiteten til utdanningssystema innan klimaendringar og utdanning. Betre integrering av utdannings- og klimapolitikk vil vere ein viktig del av dette samarbeidet.

Norad jobbar for å følgje opp føringa om å 'gjennomgåande sikre at midlar blir forvalta i tråd med dei nasjonale klimaplanane i mottakarland og måla i Paris-avtalen, og søkjer å bidra til planar for lågkarbonutvikling'. Me erfarer at det er krevjande å sikre tilstrekkeleg nasjonal forankring i mottakarlanda for innsatsar med sterk tematisk innretting og dessutan multilateral støtte og fond.

Norad har i 2023 samarbeidt godt med ambassaden i Dar es Salaam og UD om det bilaterale klimapartnarskapet med Tanzania. I september signerte utviklingsministeren Memorandum of Understanding (MoU) om klimapartnarskapet. Målet er at Tanzania når klima- og miljømåla sine og styrkjer sektorsatsingane innan klima og energi. Sentralt i klimapartnarskapet er støtte til auka kapasitet hos styresmakter på sentralt og lokalt nivå, og betre samarbeid på tvers av sektorar. Tilgang til lokalt forankra klimakunnskap er kritisk for å treffe gode og kostnadseffektive klimatiltak. Ein femårig avtale om lokal klimaforsking via Tanzanias forskingsråd (COSTECH) som finansierer forsking på klimatilpassing, inkludert klima og helse, er eit bidrag til dette. Avtalen er òg eit døme på korleis Norad kan bidra til å styrkje kunnskapsproduksjon i Noreg sine samarbeidsland.

For å styrkje kunnskapsnivået utarbeidde Norad kunnskapsplanar for mellom anna hav, klimatilpassing, energi og mat. For klimatilpassing identifiserte me nokre hol i innsatsen knytt til investeringar for å førebyggje og handtere tap og skade, og arbeid med naturbaserte løysingar. Norad innhenta kunnskap og inngjekk nye avtalar med fokus på desse områda og klimarobust matproduksjon, som ei oppfølging av begge strategiane.

I tillegg til den løpande dialogen med partnarar som får klimafinansiering, har Norad gitt innspel til planar og strategiar for klimainnsatsen til multilaterale aktørar, og klimafaglege råd til ambassadane.

### Prioriterte område og strategiar

Det er særleg fire av dei fem tematiske innsatsområda i klimatilpassingsstrategien Norad har prioritert: tidleg varsling og vêrtenester, investering for å førebyggje og handtere tap og skade, naturbaserte løysingar for klimatilpassing og klimarobust matproduksjon.

System for tidleg varsling av farlege vêrhendingar som følgjer av klimarelatert ekstremvêr er avgjerande for rask og skadeførebyggande handling som kan redde liv og verdiar. Norad har gjennom året styrkt innsatsen langs heile verdikjeda frå vêrobservasjonar til varslingssystem for ekstremvêr retta mot sluttbrukarar. Dette har me gjort gjennom nye bilaterale og multilaterale partnarskap. Norad har sidan 2022 hatt ei opa utlysing innan vêr- og klimatenestar, og inngjekk i 2023 to nye partnarskap. Norad har òg styrkt arbeidet med ein ny avtale om tilskot til fleirgivarfondet CREWS (Climate Resilience and Early Warning Systems). Sjå òg omtale under 'Mattryggleik og kamp mot svolt'.

Bevaring av natur og naturbaserte løysingar er god klimatilpassing og kan òg bidra til utsleppsreduksjonar og opptak av karbon. Least Developed Countries Fund (LDCF) fekk støtte til mellom anna naturbaserte løysingar i landa som rammast hardast av klimaendringane. Fire nye avtalar følgjer opp Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald som fokuserer på nasjonal oppfølging av biomangfaldsmåla og grunnlaget for ei rettferdig fordeling av gode frå genressursar. Norad starta òg eit internt kunnskapsarbeid for å samle og systematisere kunnskapen om effektive naturbaserte løysingar.

### Innovasjon og styrkt samarbeid med privat sektor

Norad gjennomførte i 2023 ei utlysing på tvers av klimarelaterte sektorar gjennom finansiering til inkubatorar, akseleratorar, SMB-fond og førstetapsinstrument som jobbar med mattryggleik, hav, marin forsøpling, fornybar energi og klimatilpassing. Tilskotsmottakarane fremjar innovasjon og entreprenørskap i Afrika ved å bidra til å profesjonalisere og finansiere innovative verksemder, noko som styrkjer lokalt næringsliv. Dette vil igjen hjelpe dei å tiltrekkje meir privat finansiering.

Eit forprosjekt til Open Earth Platform Initiative (OpenEPI) vart starta i 2023. Det tek sikte på å etablere ei global plattform for teknologi, opne data og kunstig intelligens innanfor klima, natur, miljø, hav og mattryggleik. Forstudien vil foreslå ulike alternativ for ein global infrastruktur som skal støtte opp under lokal innovasjon basert på opne data og open teknologi.

Finansieringsordningar mot klimarelaterte katastrofar er ein innovativ måte å finansiere klimatilpassing i mottakarland. Norad innhenta kunnskap om tematikken og ei kartlegging av ulike ordningar. Basert på dette gjekk Norad inn i ein avtale med Afrikabanken om støtte til Africa Disaster Risk Financing Program. Norsk finansiering gjer det mogleg for afrikanske land å forsikre seg mot klimarelaterte katastrofar som tørke, flaum eller syklonar og bidrar til førebyggande arbeid i mottakarlanda.

Det var eit stort arbeid i Norad i 2023 for å støtte UD i utarbeiding av grunnlaget for ei statleg garantiordning frå 2024 med mål om auka private investeringar i berekraftig energi. Garantiordninga er omtala i Prop 1S (2023-2024) og vedteken av Stortinget. Norad får frå 2024 oppdraget med å forvalte garantiordninga og vil arbeide for å gi garantiar saman med multilaterale bankar (65 prosent) og førebur utlysing av garantiar (35 prosent) saman med Norfund.

### Tematiske satsingar/innsatsar

For å auke tilgang til berekraftig energi og å redusere framtidige klimagassutslepp i utviklingsland, særleg i land med stor energifattigdom i Afrika sør for Sahara, jobbar Norad for å utløyse private investeringar i fornybar energi. Eit døme er samarbeidet med African market mini-grid acceleration programme (AMAP), støtta av ei investering på USD 7 mill. gjennom Sustainable Energy Fund for Africa (SEFA) i Afrikabanken. Programmet, som er finansiert av Noreg og ni andre givarar, vil knyte 81 millionar hushaldningar til grøne mininett innan 2030. Innsatsen så langt inkluderer faglege råd til seks land, introduksjon av resultatbasert finansiering til føretak som byggjer ut mininett, og analysar av 100 stadar for grøne mininett. AMAP vil bidra til auka energitilgang, erstatte dieseldrivne generatorar, og på denne måten òg bidra til unngåtte klimagassutslepp.

Eit anna døme er støtta til risikopremie som SCATEC ASA fekk under verksemdsstøtteordninga i samband med finansiering av tre solkraftverk på til saman 150 MW i Sukkur i Pakistan. Støtta på 40 mill. kroner bidrog til å redusere finansieringskostnadene og utløyste slik investeringa og bygging av kraftverka. Kraftverka vart ferdige i januar 2024, og aukar tilbodet av fornybar energi i eit land som primært har ei fossilbasert straumforsyning med knappleik på straum og raskt aukande etterspurnad.

EAF[2]-Nansenprogrammet vart etablert i 1975 og er eit samarbeid mellom FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO), Norad og Havforskingsinstituttet (HI), basert på forskingsfartøyet Dr. Fridtjof Nansen. Det skal styrkje hav- og fiskeriforvaltinga, særleg i Afrika og Bengalbukta. Utviklingsminister Tvinnereim kunngjorde ei ny avtale om å fortsette samarbeidet frå 2023 til 2028, med ei ramme på om lag 1 mrd. kroner, på 'matdagen' under FN sitt klimatoppmøte COP28. Klima er fokus i det nye programmet og er utforma i samarbeid med relevante globale institusjonar for å sikre at det dekker sentrale område for regional klimaendringsmodellering.

Noreg har gjennom Klima- og skoginitiativet sidan 2010 bidrege med over 2,6 mrd. kroner i det bilaterale samarbeidet med Indonesia til tiltak for å redusere avskoginga i landet. Støtta er i tråd med Indonesia sitt mål om å nå netto karbonopptak i skog- og arealbrukssektoren innan 2030. To tredelar av norske bidrag så langt har dekt 31,2 millionar tonn $CO_2$-ekvivalentar med reduserte utslepp frå avskoging og svekking av skogdekket i landet. Norad har over tid bidrege med forvaltingsfagleg rådgiving og kvalitetssikring av oppsettet for det resultatbaserte samarbeidet.

Norad si støtte over Klima- og skoginitiativet til sivilsamfunnsorganisasjonar har mellom anna medverka til å verne om urfolk- og lokalsamfunn sine rettar, og til å sikre deira stemmer i gjennomføringa av nasjonal klima- og miljøpolitikk. I dag har Indonesia ei sterk og levande urfolksrørsle. For første gong i Indonesia si historie vart urfolk på Papua nyleg tileigna offisiell råderett over 40,000 hektar intakt skog. Norad speler ei viktig rolle i å sikre brei deltaking av involverte samfunnsgrupper i skog- og naturforvalting.

For å oppretthalde produktivitet og tilgang til mat til framtida, må matproduksjonen tilpassast og mangfaldet auke. Norad støttar Vision for Adapted Crops and Soils (VACS) for å utvide artsmangfaldet av matplanter og styrkje arbeidet med jordhelse. Dette vil på sikt resultere i betra jordhelse og styrkt ernæring, noko som vil føre til ei meir berekraftig naturressursforvalting. Støtte til

[2] Eco-system Approach to Fisheries

den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar (ITPGRFA) og den internasjonale kommisjonen for genetiske ressursar i landbruket (CGRFA) vil styrkje nasjonale og internasjonale regelverk og politikkutforming for eit meir berekraftig landbruk.

## 1.3 Mattryggleik og kamp mot svolt

**Overordna prioriteringar**
Mattryggleik og kamp mot svolt er ei hovudprioritering i regjeringa sin utviklingspolitikk. Norad har jobba med å utvikle ein heilskapleg portefølje for mattryggleik for å svare ut prioriteringar i Noreg sin strategi for å fremje mattryggleik i utviklingspolitikken, *Kraftsamling mot svolt – ein politikk for auka sjølvforsyning*.

Nye tiltak er valt ut på bakgrunn av prioriteringar i strategien. Norad jobbar med å auke lokal klimarobust matproduksjon, auke lokal verdiskaping og inntekt for matprodusentar, redusere feil- og underernæring og redusere omfanget av svoltkriser. Mykje av støtta til mattryggleik går til innsatsar som svarer på fleire av desse satsingsområda.

Prosjekta skal bidra til å gjere produksjonen meir klimaresistent for småskala matprodusentar som bønder, fiskarar og gjetarfolk, auke avlingane og gjere dei meir føreseielege, noko som resulterer i auka lokal og nasjonal mattryggleik. Dette vil føre til lågare avhengigheit av import og større motstandskraft mot sjokk i den internasjonale marknaden. Dette bidreg deretter til økonomisk vekst i landbrukssektoren og dermed redusert fattigdom og svolt. Klimatilpassing er nøkkelen for å oppretthalde eksisterande produksjonsnivå. Auka produksjon er utenkeleg utan det.

Strategien legg sterk vekt på småskalaprodusentar og har eit særleg fokus på kvinner sine rettar og likestilling i gjennomføringa av strategien. På budsjettposten for mattryggleik auka prosjekt med likestillingsmerking frå 30 prosent i 2022 til 48,7 prosent i 2023. Denne positive endringa er i stor grad eit resultat av utlysinga 'Bekjemping av matmangel i Sub-Sahara-Afrika gjennom støtte til sivilt samfunn 2023-2028'. Utlysinga la vekt på ei menneskerettsbasert tilnærming, inkludert ein kjønnsanalyse og at kvinner vart inkluderte som målgruppe. Dette gjorde det mogleg å vurdere søkarar i tråd med den nye strategien.

Klimatilpassa matproduksjon var òg ein føresetnad for støtte frå denne utlysinga. Vurderingane inkluderte i kva grad og på kva måte søknadene ville handtere dei sannsynlege verknadene i ein klimaendringskontekst, og dessutan korleis intervensjonen var klimabestandig og berekraftig med omsyn til miljø. Av 200 søkarar vart fem organisasjonar tildelte støtte. Delar av Landbruk for utvikling (jamfør omtale nedanfor) var del av utlysinga. To av organisasjonane som vann fram har røter i lokal bonde- og samverkerørsle. Desse er relevante aktørar for å leggje til rette for organisering blant bønder, opprette og styrke samvirke og arbeidet for å styrkje bønder sine rettar. Dei femårige avtalene er samla på ein milliard kroner.

Ein større del av produksjonsprosjekta vart retta mot grupper i sårbare situasjonar. Dei fattigaste i verda er særleg ramma av ringverknadene som Ukraina-krigen har på prisen av mat og til dømes gjødsel, særleg i land i Afrika sør for Sahara. Det var difor særleg viktig å bidra til at innsatsvarer som kunstgjødsel og såvarer nådde ut til bøndene før vekstsesongen.

Det har vore nyttig med fleksibilitet i oppfølginga av programma. Svingingar i valutakurs, devaluering av lokale valutaer og høg inflasjon har vore særlege utfordringar i prosjektområda. Tryggleik, flaumar og utbrot av sjukdomar og skadedyr i avlingar og husdyr har mellombels hindra prosjektaktivitetar i enkelte område.

**Langsiktig innsats for redusert avskoging, auka mattryggleik og berekraftig utvikling i Sentral-Afrika**
Gjennom Det sentralafrikanske skoginitiativet (CAFI) legg Noreg, åtte andre givarland, FN-organisasjonar og dei seks tropiske skoglanda i regionen, til rette for kamp mot avskoging gjennom heilskapleg utviklingsinnsats. I 2022 fekk 33 000 hushaldningar i DR Kongo støtte til å betre jordbruksmetodar i åtte provinsar som er særleg hardt ramme av pågåande avskoging. Desse familiane har etablert nær 35 000 hektar med agroskogbruk, lengelevande avlingar og sjølvbergingsjordbruk. Estimat frå dei prosjekta som har kome lengst tyder på at inntektene frå sjølvbergingsjordbruk har meir enn dobla seg takka vere betre avlingar.

Støtte til innsats innan jordbruk låg på nærare ein milliard kroner i 2022. Tal for 2023 er ikkje klare. Støtte til jordbruk er forventa å auke når CAFI investerer om lag 550 mill. kroner i den regionale komponenten av klimafinansieringsfondet &Green. Noreg si støtte til CAFI forvaltast av Norad.

Då Norad inngjekk avtalar med norske sivilsamfunnsorganisasjonar i 2023 la me særleg vekt på deira relevans for satsinga på mattryggleik. Støtte til småskala matprodusentar og klimaresistent produksjon vart sikra m.a. gjennom ei fornya rammeavtale med Caritas Norge. Rammeavtalen har som mål å redusere svolt og ekstrem fattigdom som skuldast mangel på fysisk, sosial og økonomisk tilgang til tilstrekkeleg, trygg og næringsrik mat i nær 150 000 rurale hushaldningar i sju land.

### Kunnskapsprogram og forsking
Det nye programmet Landbruk for utvikling hadde sitt første faglege samarbeidsforum for relevante norske offentlege institusjonar i 2023. Dette var den formelle lanseringa av programmet. Programmet har som mål å styrkje kompetanse og kapasitet i offentleg landbruksforvalting i samarbeidsland. Ved utgangen av 2023 hadde Norad avtaler med Statistisk Sentralbyrå, NIBIO og Veterinærinstituttet for innsats i Etiopia, Malawi, Tanzania, Zambia og Zimbabwe.

Norad si koordinering av programma Fisk for utvikling og Hav for utvikling bidreg til auka kunnskap og betre rammevilkår som gir berekraftig fiskeri og havbruk. Dette blir gjort via institusjonssamarbeid, men òg gjennom støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar, samarbeid med privat sektor og utdanningssamarbeid.  Sjå omtale av den nye avtalen for EAF Nansen-programmet under 'Klimafinansiering'.

Auka tilgang til teknologi og forsking om m.a. frø, plantingmetodar og irrigasjon styrkjer aktivitetar for klimatilpassing og aukar produktiviteten i landbruk og akvakultur. Forskingsbasert kunnskap om rimelege og lokalt tilgjengelege ressursar og teknologiar er prioritert. Forsking på prognosar for kva variantar og metodar som kan vere klimaresistente og korleis skadedyr spreier seg med ulike klima, vil òg vere avgjerande for klimatilpassing.

For å styrkje mat- og ernæringstryggleik globalt har Norad hatt eit langvarig samarbeid med Crop Trust, CGIAR[3] og FAO særleg innan bevaring og bruk av avlingsmangfald. Støtta går mellom anna til nasjonale genbankar for å styrkje kapasiteten til å forvalte eigne genressursar. Norad støtter nasjonale og internasjonale forskarar for å styrkje og forbetre avlingar, med eit særleg fokus på ernæring og klimaendringar, og å styrkje nasjonale og lokale frøsortar. Sjå òg under 'klimafinansiering'.

**Farleg avfall – kvar endar det opp?**
På Malawis 'Central Veterinary Laboratory' blir prøver frå sjuke dyr analyserte. Feltveterinærar sender inn prøver som kan innehalde munn- og klovsjuke, tuberkulose hjå storfe, brucellose og mange andre smittsame sjukdommar.

Gjennom programmet Landbruk for utvikling har Veterinærinstituttet og tilsette ved laboratoriet gått gjennom og forbetra rutinane ved laboratoriet. Ei utfordring er handtering av farleg avfall som til dømes restar av prøvene frå sjuke dyr. I mangel på andre løysingar vart det bygd ei betonggrav utanfor laboratoriet for avfall. Etter funn av ein kvelarslange i deponiet har nye og betre rutinar for trygg handtering av farleg avfall blitt høgt prioritert.

Utvikling av afrikansk kunnskap og kapasitet innan mattryggleik er naudsynt for at kontinentet sjølv skal kunne takle klima- og naturkrisa og oppnå berekraftige matsystem. Norad har difor vurdert det som viktig å støtte afrikansk leia forsking som er komplementær til anna norsk innsats på mattryggleik.

### Verdikjedeutvikling og privat sektor

Private investorar investerer sjeldan direkte i små- og mellomstore landbruksverksemder innan landbrukssektoren i Afrika. Ein av dei mest effektive måtane for å mobilisere kapital til desse verksemdene er gjennom spesialiserte fondsforvaltarar, men denne typen fond slit ofte med å mobilisere kapital på grunn av den høge risikoen i sektoren. Difor vil Noreg nytte tilskotsmidlar som katalytisk kapital for å utløyse meir private investeringar innan landbrukssektoren, og på den måten avlaste delar av risikoen for spesialiserte fondsforvaltarar. Dette vil gjere det meir attraktivt for både utviklingsfinansierings-institusjonar og private investorar å investere i lokale

**FASA-fondet**
Eit fond som skal mobilisere privat kapital til små og mellomstore verksemder i Afrika vart utvikla i 2023. Fondet fekk namnet 'The fund for Mobilising Finance for Food and Agri-SMEs' (FASA-fondet).

Saman med USAID har Noreg sett av 700 mill. kroner til denne førstetapskapitalen. Dette vart kunngjort av utviklingsminister Tvinnereim og USAID-administrator Samantha Power under FNs generalforsamling. Norad jobbar no med å finne ein forvaltar for fondet og planlegg lansering hausten 2024.

[3] The Consultative Group on International Agricultural Research

landbruksverksemder i Afrika. Ved å styrkje denne typen verksemder ventar ein at etterspørselen etter jordbruksprodukta vil auke, og at dette vil skape arbeidsplassar.

Forbetra marknadstilgang til gjødsel og auka kunnskap om jordhelse er avgjerande for auka produksjon i den afrikanske landbrukssektoren. Avtalen med Den afrikanske utviklingsbanken (AfDB) om støtte til 'African Fertilizer Mechanism' (AFFM) er viktig i Norad si støtte retta mot jordhelse og auka produktivitet. Formålet er å overvinne utfordringar knytt til tilgang til gjødsel. Dette er ein avgjerande faktor for jordbruksproduktivitet, men òg for jordhelse.

Samarbeid med ulike aktør-grupper om digitale fellesgode innanfor jordhelse har blitt undersøkt. Andre initiativ for å nå målet om betre produktivitet er Global Fertilizer Challenge og digitale verktøy for å kartleggje og spreie informasjon om jordhelsedata. Norad har bygd nettverk innan jordhelse med forskingsmiljø, givarar og partnarland for å auke samordninga for vidare støtte.

### Ernæring

Å auke mangfaldet av kva som blir produsert gir meir variert og sunt kosthald, spesielt i landlege område med avgrensa tilgang til andre marknader. I tillegg har befolkninga, styresmaktene og lokale aktørar ofte behov for informasjon og opplæring om ernæring og mattryggleik. Norad støtta FAOs fleirgivarmekanisme FVC. Ernæring er eitt av fire tematiske innsatsområde. Sentrale arbeidsområde for Noreg i FVC er genetiske ressursar i landbruket, småskalafiske, kvinner si likestilling, statistikk og observering av berekraftsindikatorane, og urfolk sine matsystem.

Ei målretta styrking av ernæring i IFAD sin landbruksinnsats i sju afrikanske land har bidrege til auka produksjon av lokal, næringsrik og variert mat, inkludert ernæringsforsterka mat og mindre kjente matsortar, og auka kunnskap om ernæring. Innsatsen har òg vore retta mot skular og hushaldningar for å dyrke matvekstar i skulehagar, i eigne hagar eller i fellesskap i lokalmiljøet.

**Den viktige rolla til småskalafiskarar**

Lokalsamfunn i partnarland fikk òg i 2023 støtte via sivilsamfunnsorganisasjonar til å forbetre mattryggleiken, inntektene og forvaltinga av ressursane. I Ghana jobbar Environmental Justice Foundation for å sikre småskalafiskarar tilgang til fiskeressursar ved å arbeide mot ulovleg fiske, støtte lokal forvalting av ressursane og auke den økonomiske motstandsdyktigheita gjennom betre moglegheiter for verdiskaping i verdikjeda for fiskeri. I Tanzania og Kenya jobbar Blue Ventures med lokale organisasjonar i kystsamfunn for å betre forvaltinga av fiskeriressursar for å forbetre levekår og mattryggleik lokalt. I 2023 løyvde Norad ekstra midlar til Blue Action Fund.

Tilskotsmidlar som vart øyremerkt Sahel og utdanningsstøtte fekk eit særleg fokus på mattryggleik i form av skulemat. Sjå òg tekstboks om lokalprodusert skulemat under 'Ulikskap'.

### Reduksjon i omfanget av svoltkriser

Føre-var-aksjonar reduserer risikoen for svolt og aukar motstandskrafta. Føre-var-aksjonar må koplast til breiare innsats for utvikling av tilpassingsdyktige sosiale tryggingsnett og forsikringsordningar, tidlege varslingssystem og reduksjon av risiko for katastrofar og beredskap. Med ein ny femårig avtale vidareførte Norad støtta til Verdas matvareprogram sitt arbeid for varslingsbasert innsats for å redusere risikoen for svolt ved å varsle flaum, tørke eller syklonar. Avtalen byggjer på resultat frå den førre avtalen i Madagaskar, Mosambik, Niger og Zimbabwe, og inkluderer Burkina Faso, Malawi og Tanzania. Sjå fleire tiltak for tidleg varsling under 'Klimafinansiering'.

**Faglege råd innanfor landbruk, fisk og mattryggleik**
Norad støtta ambassadane og UD med faglege råd innanfor landbruk, fisk og mattryggleik. Dei viktigaste ambassadebestillingane i 2023 kom frå ambassadane i Bamako, Khartoum og Lilongwe. Norad har òg støtta UD mellom anna i førebuing til Noreg si deltaking i styremøte i FAO, WFP, CGIAR, GAFSP og Crop Trust. UD og Nærings- og Fiskeridepartementet har fått faglege råd knytt til akvatisk mat i utviklingsland. Norad har òg bidrege i dialogen med sentrale norske og internasjonale partnarar om jordhelse.

## 1.4 Global helse

Norsk helsebistand blir i stor grad verksett gjennom multilaterale organisasjonar og globale fond. Mellom anna fornya Noreg gjennom Norad i 2023 sitt bidrag til GFATM[4] med 2 mrd. kroner i støtte over tre år. Resultat på enkeltområde som vaksine, hiv/aids og malaria har vore svært gode og bidrege til stor nedgang i barnedødelegheit og førekomst av smittsame sjukdommar. Framgangen har stagnert dei seinare åra.

Målretta globale initiativ har derimot ikkje bidrege tilstrekkeleg til å styrkje nasjonale helsesystem. Det er ei stor utfordring når landa skal nå universell helsedekning og handtere følgene av klimaendringar og kommande helsekriser.

Norad si porteføljetilnærming til berekraftig og inkluderande helsesystemstyrking omfattar relevante mottakarar av tilskot og andre partnarar på helsefeltet, og vart etablert i 2023. Målet er å bidra til at Noreg sin internasjonale innsats for global helse i større grad blir innretta for å styrkje nasjonale helsesystem, universell helsetilgang og betre primærhelseteneste. Ikkje-smittsame sjukdomar og mental helse er integrert i innsatsen. Dette blir følgt opp gjennom støtta til WHO, i Noreg sin styringsdialog med enkeltpartnarar som Gavi, Det globale fondet og GFF, og i andre fora som samlar fleire aktørar og samarbeidsland.

Norad støtta i 2023 opp om UD i ein internasjonal prosess for å stake ut retninga for globale helseinitiativ framover, leia av Kenya og Noreg. Resultatet, 'Lusaka-agendaen' vart lansert i desember 2023. Den set ned viktige prinsipp for vidare felles innsats for ei styrkt primærhelseteneste og folkehelse. Å redusere fragmentering og å støtte opp om land sine eigne prioriteringar og system står sentralt. Samstundes skal landa auke si eiga finansiering til helsesystem og tenester.

Eit nytt samarbeid med Forskingsalliansen for helsepolitikk og system tek sikte på å styrkje bruksretta forsking på primærhelseteneste, klima og helsetryggleik. Denne kunnskapen skal vere til nytte for land i deira arbeid, men vil òg spele inn til WHO og til Norad sitt arbeid.

Samarbeidet med utvalde norske fagmiljø innan folkehelse, rettferdige prioriteringar, helseøkonomi og digitale helseinformasjonssystem er døme på at relativt små midlar til langsiktig institusjonsutvikling kan setje utviklingsland i betre stand til å prioritere eigne ressursar og forvalte store tilskot frå globale helseinitiativ. Samarbeidet mellom Folkehelseinstituttet, BCEPS[5]-programmet ved Universitet i Bergen

---

[4] The Global Fund to Fight AIDS, Tuberculosis and Malaria
[5] Bergen Centre for Ethics and Priority Setting

og HISP[6]-senteret ved Universitetet i Oslo med afrikanske land og det afrikanske regionale byrået for smittevern vart styrkt i 2023.

Det internasjonale samarbeidet mot covid-19 vart fasa ut hausten 2022 då WHO erklærte at den akutte fasen av pandemien var over. Innsatsen for å motverke konsekvensane av pandemien og sikre likeverdig tilgang til vaksiner, medisinar og testar vart vidareført i 2023. Norad investerte på oppdrag frå UD 60 mill. kroner som såkornmidlar i Verdsbankens Pandemifond for å styrkje pandemiberedskap og -responskapasitet.

Norad si støtte til og deltaking i styringsorgana til Gavi, CEPI og Unitaid har bidrege til tiltak som på sikt vil auke lokal produksjon av vaksiner og legemiddel i Afrika. Eit døme er avgjerda i Gavi sitt styre om å investere USD 1 mrd. for å akselerere vaksineproduksjon i Afrika. Eit anna døme er Unitaid sitt bidrag til at den første afrikanskproduserte medisinen for å førebyggje malaria hos gravide og spedbarn vart godkjent av WHO. Produksjonen skjer i Kenya. Teknologioverføring og datagenerering kan òg bidra til lokal produksjon og auka tilgang til nye medisinar. Slik bidrog til dømes CEPI til at godkjenning og produksjon av ei vaksine mot Chikungynya-feber vil vere mogleg i Brasil.

Helse er ein menneskerett og ein føresetnad for menneskeleg utvikling. På helseområdet ser ein konsekvensane av det globale tilbakeslaget for likestilling og kvinner og LHBTI+-personar sine menneskerettar. Det er avgjerande med samordna innsats frå uavhengige sivilsamfunnsnettverk for å halde styresmakter ansvarlege og levere på internasjonale mål, inkludert forpliktingar til seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR).

Robert Carr Fondet (RCF) og UNAIDS bidrog med norsk støtte til å fremje likestilling og menneskerettane til dei som er mest utsett for hiv og til å sikre tilgang til viktige hiv- og SRHR-tenester. Norad gav i 2023 innspel til RCF sin nye strategi for 2025-2030, og følgde opp MOPAN si vurdering av UNAIDS-sekretariatet.

Unitaid sin SRHR-innsats har gitt gode resultat. Eit døme er førebygging av livmorhalskreft. Prosjekt i Burkina Faso, Elfenbeinkysten, Filippinene, Malawi, Nigeria, Rwanda og Senegal har allereie overgått WHO-målet om å behandle 90 prosent av alle kvinner i forstadiet til livmorhalskreft innan 2030.

Krig og langvarige kriser fører til stort behov for fysisk og mental helsehjelp. Dette vart særs synleg da Norad i 2023 tok over førebuinga av ny støtte til NORWAC sin helsebistand i Palestina, både Vestbredden og Gaza, og til Libanon og Syria.

Korrupsjon fører til stort svinn og dårlegare helsetenester. Norad jobba i 2023 for å auke den internasjonale merksemda om korrupsjon i helsesektoren og leggje inn førebyggande tiltak mot korrupsjon i program, i tillegg til kontroll. Gjennom såkornsmidlar til GNACTA[7] i regi av WHO, bidrog Norad til kunnskapsoppsummeringar og arrangement under Verdas helseforsamling i mai og FN sin konferanse om anti-korrupsjon i november 2023.

Ifølgje WHO er klimaendringar den største helsetrusselen i dag. Merksemda om dette auka i 2023, godt hjelpt av klimatoppmøtet i Dubai (COP28), med ein eigen helsedag. Noreg gav innspel og slutta

[6] Health Information Systems Program
[7] The Global Network for Anti-Corruption Transparency and Accountability

seg til ministererklæringa om klima og helse, og felles prinsipp om finansiering av tiltak. Norad støtta opp om WHO sitt globale leiarskap på dette feltet gjennom svakt øyremerka finansiering, og deltok i ATACH[8] nettverket på klima og helse. Samanhengen mellom klima, miljø og helse har vore løfta i dialogen med GFF, Gavi, GFATM og dei norske faglege partnarane[9]. Temaet har òg vore med i førebuinga av nye avtaler med sivilsamfunnsorganisasjonar innan global helse.

Med støtte til lokale forskingsinstitusjonar aukar forskingskapasitet og -produksjon i Afrika Sør for Sahara tilpassa lokale kontekstar og behov knytt til m.a. helsesystem. Kjernestøtte til Armauer Hansen Research Institute i Etiopia har bidrege til kapasitetsutvikling av forskarar og forskingsprodukt som gir innspel til politikkutforming, teknologiske løysingar, innovasjon og støttar vaksine- og legemiddelproduksjon. Eit resultat er rabiesvaksinen som vart produsert og distribuert for første gong i 2023.

**Kunnskapsbanken** omfatta i 2023 ni kunnskapsprogram. Programma omtalast under satsingsområda. Programma inneber fagleg samarbeid med offentlege institusjonar i partnarland, og ei rekke andre samarbeid med mål om å styrkje offentleg forvalting innan tematiske område der Noreg har særleg relevant kompetanse. Innsatsen skal bidra til godt styresett kjenneteikna av integritet, openheit og ansvarlegheit. Norske statlege institusjonar er sentrale partnarar.

Kunnskapsprogramma blir samordna med særleg vekt på felles mål om å styrkje offentlege institusjonar. Norad vurderer at denne koordineringa har vore viktig og har bidrege til synergiar, felles forståing av Kunnskapsbanken sine mål og deling av kunnskap og erfaringar. Norad har sett særleg stor gevinst av koordinering av innsatsen i kvart einskild land.

Det har òg vore investert i kunnskaps- og erfaringsdeling mellom alle dei norske statlege institusjonane som deltek i Kunnskapsbanken. Her har Norad merka stor etterspurnad, og det er grunn til å tru at slikt arbeid har hatt god effekt i form av betre kvalitet på dei faglege bidraga frå dei norske statlege institusjonane til sine søsterinstitusjonar i partnarland. Noko av arbeidet har skjedd i samarbeid med Norec.

Frå 2021 har forvalting av kunnskapsprogramma vore knytt til relevant fag/sektoransvar. Det gjer det mogleg å samle den faglege kompetansen i Norad og å integrere programma betre i annan innsats i same sektor. Norad vurderer at dette har styrkt dei samla sektorinnsatsane og den samla effekten av kunnskapsprogramma, sjølv om det òg har svekka merksemda om sjølve Kunnskapsbanken.

---

[8] Alliance for Transformative Action on Climate and Health

[9]FHI: Folkehelseinstituttet, UiO/Health Information Systems Program, UiB/Bergen Centre for Ethics and Priority Setting

## 1.5 Ulikskap

Ulikskap aukar og blir oppretthalde av nasjonale og internasjonale strukturar. For å endre dette treng ein politisk vilje, stabil finansiering, institusjonell kapasitet og data og statistikk av høg kvalitet for å målrette tiltak og investeringar. Ein føresetnad er at relevante aktørar har tilstrekkeleg kunnskap og kapasitet til å gjennomføre endringar. Det inkluderer offentleg sektor, sivilt samfunn og forskings- og kunnskapsmiljø i dei einskilde landa. Forsking, i tråd med den norske erfaringa med framvekst av velferdsstaten, syner at reduksjon av ulikskap krev kombinasjon av politikk og tiltak som fungerer saman og får fram ei systemendring. Ingen enkelttiltak kan reversere trenden med aukande ulikskap.

Norad finansierer både spissa tiltak i land og globale program. Innsatsen har ei hovudvekt på Afrika, men omfattar ODA-godkjente land i alle regionar. Norad har konsentrert si satsing på ulikskap kring styresett-utfordringar med økonomisk ulikskap. Det inkluderer offentlege system for sosiale tryggingsnett, sosial dialog, skatt, ulovleg kapitalflyt og anti-korrupsjon.

### Samspel mellom inntekter og utgifter

I 2023 auka merksemda om konsekvensar av ei fragmentert finansiering innanfor bistand til skatt og offentleg finans. Dette gjer det utfordrande for utviklingsland sjølve å ha ei heilskapleg tilnærming og utfordrande å nytte finansverkemiddel for å redusere ulikskap og fattigdom. Norad har påverka multilaterale organisasjonar til å samle innsats på inntektssida og utgiftssida. I 2023 bidrog dette mellom anna til at det vart lansert eit nytt IMF-fond for offentleg finans, inkludert skatt, som erstattar det som før var tre fond.

Norad sin portefølje for styresett og offentleg finans samlar og vidareutviklar innsatsen på fire resultatområde: skatt, offentleg finansforvalting, statistikk og register, og anti-korrupsjon og ulovleg kapitalflyt. Dette samspelet er òg sentralt i førebuingane og for kunnskapsutvikling fram mot Finansiering for utvikling-konferansen 2025. Det kan bidra til å forsterke trenden med breiare bruk av offentleg finans og investering i velferdsstat som verkemiddel for å redusere ulikskap. Noreg har ei leiande rolle i den globale Finansiering for utvikling-prosessen. I 2023 gjekk Norad inn i avtaler med UNDESA og UNDPs Oslo Governance Center for å styrkje kunnskapsgrunnlag og leggje til rette for dialog i regionar og mellom sivilt samfunn og styresmaktene.

Likestilling er både eit verkemiddel og eit resultat for å redusere økonomisk ulikskap. Frå 2024 blir kunnskapsprogrammet Likestilling for utvikling integrert i porteføljen for styresett og offentleg finans.

### Auke inntekter og redusere tap

Noreg sine fire forpliktingar under *Addis Tax Initiative* (ATI) er grunnlaget for Norad sitt arbeid for å styrkje nasjonal ressursmobilisering i utviklingsland. Noreg har halde oppe forpliktinga om årleg skattebistand på minst 268 mill. kroner. Gjennom ATI har Noreg gitt ein lovnad om å føre ein samstemd politikk og å støtte aktørar som sivilt samfunn, akademia, media, fagforeiningar, riksrevisjonar og parlament som skal kontrollere og halde styremaktene ansvarlege. Norad støttar samarbeid mellom ATIs medlemmar gjennom leiarroller i arbeidsgrupper og legg til rette for globale dialogar. Særleg viktig er den komande Finansiering for utviklingsprosessen (Madrid 2025), FN sin skattekonvensjon og brubyggjarolle opp mot OECD. Norad har bidrege med faglege råd til UD og delegasjonane i FN og OECD og koplar Norad sitt partnarnettverk til dei globale prosessane.

Inntekter til staten blir òg styrkt ved å redusere tap. Norad har aktivt nytta FN sin anti-korrupsjons-konvensjon til fagleg rådgiving og partnarsamarbeid for å leggje vekt på gjensidig forsterking av anti-korrupsjonstiltak, anti-kvitvasking og skatteinnsats. I 2023 fekk Norad ei ny rolle som medlem i den norske delegasjonen til *Financial Action Task Force* (FATF) og gjekk inn i avtale med FATF for å styrkje afrikanske regionale organisasjonar under FATF-paraplyen. Dette gjer det mogleg for Norad å bidra til ein samstemt politikk ved å synleggjere interessene og perspektiva til utviklingsland. Denne rolla inneber òg eit skarpare fokus på kvitvasking som tema.

### Kapasitetsutvikling i offentleg sektor

Fungerande offentlege institusjonar er ein føresetnad for å krevje inn skattar og omsetje inntekter til offentlege tenester som reduserer fattigdom og ulikskap og bidreg til å innfri menneskerettane. Kunnskapsprogramma Skatt for utvikling, statistikk og registersamarbeid, Digitalisering for utvikling og Likestilling for utvikling bidrog i 2023 til bilaterale institusjonssamarbeid med offentlege institusjonar som Bufdir, SSB, Universitetet i Oslo og Skatteetaten. Desse blir verdsett av partnarar sjølv om konteksten og ressurssituasjonen er ulik. Ved at me òg støttar kapasitetsutvikling gjennom multilaterale partnarar som UNODC, IMF, Verdsbanken og UNDP når me fleire land og trekkjer på kunnskapen i den globale styresett-dagsorden.

Norad foreslo til UD at Noreg skulle slutte seg til en internasjonal kampanje for digital offentleg infrastruktur. Det er system, tenester og løysingar som gjer det mogleg med offentlege tenesteleveransar på tvers av sektorar. ID, betalingsløysingar, register og datadeling står særleg sentralt. Kommunal- og distriktsdepartementet forplikta Noreg til kampanjen, og Norad og Digitaliseringsdirektoratet (DIGDIR) byrja i 2023 arbeidet med å følgje opp kampanjen. DIGDIR gjer Altinn tilgjengeleg for andre land. Norad støtter utviklingsland gjennom ein portefølje på digital offentleg infrastruktur.

Satsinga på digital offentleg infrastruktur legg til rette for heilskaplege forvaltingssystem og å implementere sosiale tryggingsnett (sjå under), og skal bidra til likestilling og fattigdomsreduksjon. Porteføljen legg digitale fellesgode til grunn for å støtte opp om openheit, gjenbruk, kompatible system og beste praksis på tryggleik og personvern.

### Statistikk og data

Påliteleg kunnskap og data er avgjerande for å auke nasjonal ressursmobilisering gjennom skatt og for å redusere ulovleg kapitalflyt og korrupsjon. Kunnskap og openheit om eigarskap i selskap er viktig både for å førebyggje korrupsjon og økonomisk kriminalitet og for skattlegging og offentleg pengebruk, til dømes i innkjøp. Meir generelt er openheit og tilgang til informasjon ein føresetnad for å halde styresmaktene ansvarlege og styrkje samfunnskontakten. Data og statistikk er òg naudsynt for å definere nasjonale prioriteringar og å gjennomføre politikk.

Samarbeid med, og styrking av, nasjonale statistikkbyrå og internasjonalt statistikkarbeid er difor viktig. Dette blir først og fremst gjort gjennom kunnskapsprogramma for Skatt for utvikling, Likestilling for utvikling og statistikk- og registersamarbeidet. I 2023 vart SSB integrert i Skatt for utvikling. SSB samarbeider òg med African Union om å støtte medlemsland i innføringa av Nadabas og Statbus, to verktøy med open kildekode for høvesvis nasjonalrekneskap og selskapsregister.

Norad har òg lagt vekt på å finansiere uavhengig forsking i leiande skatteforskingsmiljø som ICTD, UNU WIDER og EU Tax Observatory/Senter for skatteforsking ved NMBU for å få fram eit best mogleg

faktagrunnlag om til dømes korleis internasjonale skatteregime treff låginntektsland og talfesting av globale kapitalstraumar.

### Sosiale tryggingsnett

Sosiale tryggingsnett har dokumentert positiv effekt på fattigdom, skuledeltaking og bruk av helsetenester. Forbetra sosial likskap vil òg føre til auka mattryggleik, meir variert forbruk og auka motstandskraft. Digital offentlig infrastruktur gjer det enklare å etablere sosiale tryggingsnett, gjere kontantoverføringar i stor skala og målrette støtteordningar til kvinner, ungdom eller andre sårbare grupper.

Norad støttar utviklingsland til å byggje ut slike tryggingsnett med ulike støtteordningar. I 2023 prioriterte Norad å kartleggje samarbeidspartnarar på området og har gjennom dette hatt særleg dialog med Verdsbanken, WFP, Unicef og Tyskland[10]. Deltaking på Globalt Forum on Adaptive Social Protection i Berlin var del av kartlegginga.

Norad inngjekk ein avtale med Verdsbanken om å støtte fleirgivarfondet Rapid Social Response – Adaptive and Dynamic Social Protection med 100 mill. kroner over tre år. Bidraget er mjukt øyremerka eit nytt vindauge for mattryggleik og ernæring. Støtta kan bidra til å setje desse temaa høgare på dagsorden i Verdsbankens arbeid med sosiale tryggingsnett og dermed òg påverke innrettinga av slike ordningar på landnivå.

Lokalt produsert mat til skulematprogram dannar òg eit viktig sosialt tryggingsnett og bidreg til auka oppmøte på skulane, betre moglegheiter for marknadsføring og variert produksjon for småskala matprodusentar. Grupper med spesiell risiko for underernæring er spesielt prioritert og inkluderer kvinner, barn, ungdom og personar med nedsett funksjonsevne.

**Lokalprodusert skulemat**

Med 'Scaling up Home-Grown School Feeding Programmes in Africa nådde WFP meir enn 160 000 skulebarn i Etiopia, Malawi og Niger med godt over 30,2 millionar skulemåltid. 5 000 tenåringsjenter i Niger fekk kontantstøtte slik at dei kan fullføre skulegangen. Skulemat-programmet er basert på mat frå lokale bønder i dei tre landa, og WFP samarbeider med 8 000 småskala matprodusentar. WFP sine partnarar sørgjer for å inkludere andre tenester som helsesjekk, vaksineringar og opplæring i hygiene.

Kjernestøtta til Verdsbanken sitt fond for dei fattigaste landa (IDA) finansierte sosiale tryggingsnett som nådde 170 millionar menneske (IDA-19), nær tre gongar meir enn i førre IDA-periode. Oppbygging av offentlege system for sosiale tryggingsnett vart òg finansiert gjennom norsk kjernestøtte til Unicef og UNDP.

### Sosial dialog og sivilt samfunn

I Noreg har eit organisert arbeidsliv og ei sentralisert lønnsdanning vore grunnleggjande for å redusere skilnadar i lønningar og dermed ulikskap. Den norske modellen kan ikkje utan vidare overførast til

---

[10] BMZ: Das Bundesentwicklungsministerium og GIZ: Deutsche Gesellschaft für Internationale Zusammenarbeit

andre land, men element og erfaringar er relevante òg for andre. I sektorar med formaliserte verksemder med tilsette arbeidarar vil fagorganisering og samarbeid mellom partane i arbeidslivet skape eit grunnlag for auka lønningar og betre arbeidsvilkår.

Etter ei utlysing målretta mot innsats for sosial dialog og arbeidstakarrettar inngjekk Norad ein avtale med LO og NHO som i fellesskap skal samarbeide med partane i arbeidslivet i Colombia, Ghana, Tunisia og Vietnam.

Blant dei multinasjonale organisasjonane er ILO i ei særstilling, då organisasjonen er etablert for å arbeide med arbeidstakarrettar, sosial dialog, sysselsetting og sosialt vern. Norad si støtte til ILO har mellom anna som mål å betre arbeidsforhold og sosial dialog i to sektorar i Ghana (sheanøtt og tekstil), og er samstundes med på å betre produktiviteten i verksemdene.

Norad jobbar for å knyte partnarar i sivilsamfunnet saman på tvers av fagfelt og leggje til rette for dialog mellom styresmakter og sivilt samfunn. Journalistar har ei viktig rolle for å bidra til samfunnsdialog, auka openheit, integritet og ansvarleggjering. Som støtte til deira arbeid, inngjekk Norad ein avtale med Pulitzer Center om støtte til gravejournalistikk, med vekt på styresett knytt til både avskoging og øydelegging av hav og marine ressursar.

## 1.6 Likestilling og kvinner sine rettar

Norad sitt arbeid for likestilling og kvinner sine rettar kombinerer å integrere likestilling i tiltak på tvers av tema og budsjettpostar, å setje i verk tiltak direkte retta mot likestilling og kvinner sine rettar og råd, innspel og rettleiing til ambassadane og departementa. Norad har særleg fokus på å bidra til å oppnå regjeringa sine politiske og økonomiske mål for støtte til seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR).

Norad skal bidra til å nå den politiske målsetjinga om at minst halvparten av all bilateral bistand har likestilling som hovud- eller delmål. Prioriteringa gjeld målretta innsats som SRHR og kjønnsbasert vold og integrering av likestilling i andre områder som utdanning, mat, og helse. Alle avdelingar som forvaltar tilskot har ansvar for å bidra til at Norad når målet.

**Tabell 3 Likestillingsmarkør**

| | 2022 | 2023 |
|---|---|---|
| Del av all øyremerkt bistand forvalta av Norad | 49 % | 41 % |
| Del av øyremerkt bistand over UD sitt budsjett | 52 % | 44 % |
| Del av øyremerkt bistand over UD sitt budsjett ekskl. Kap 159 post 73 | 52 % | 57 % |
| **Skildring:**<br>Innanfor budsjettpostar med føring om at minst halvparten av all bilateral bistand skal ha likestilling som hovud- eller delmål, har det vore ei auke frå 52 prosent i 2022 til 57 prosent i 2023. Når me Inkluderer midla over budsjettposten for Ukraina og naboland har det derimot vore ein nedgang på åtte prosent både om ein ser på all bilateral bistand forvalta av Norad og bistanden over UDs budsjett. For best mogleg å bidra til å dekke ukrainske behov er fleksibilitet naudsynt. Overordna måltal for politiske satsingsområde som gjeld for bistanden generelt, som klimatiltak og | | |

likestilling, er difor ikkje førande for innrettinga av Nansen-programmet. Sivile midlar gjennom Nansen-programmet vil inngå i rapporteringa for dei ulike måltala og slik vere synlege gjennom statistikken, men har ikkje føring om å nå måla som er sett.

### Integrering av likestilling

Å styrkje arbeidet med å integrere likestilling i bistanden var ein prioritet i likestillingsarbeidet i 2023. Dette har me gjort ved å styrkje samarbeid på tvers av sektorar og gjennom fagleg rådgiving til utanriksstasjonane og UD. Kvar seksjon har ei likestillingskontakt.

Norad sine innspel til regjeringa sin handlingsplan for kvinner sine rettar og kjønnslikestilling bygde opp under ein heilskapleg utviklingsinnsats som betre møter behova til målgruppene. Norad bidrog med innspel frå ulike fagområde og peika på korleis fleirdimensjonal diskriminering (interseksjonalitet) rammar jenter og kvinner og LHBT+-personar.

Norad har gitt faglege råd til utanriksstasjonane på område som SRHR, kvinner, fred og tryggleik, utvikling av likestillingsporteføljar på nasjonalt nivå, og har forsterka samarbeidet med FN-organisasjonar som er relevante for fagområdet. Rådgiving til utanriksstasjonane koplar globale og nasjonale innsatsar og utviklingar i likestilling. I DR Kongo tilrådde Norad at implementering av provinsielle planar for kvinner, fred og tryggleik bør koordinerast gjennom meir samla FN-støtte, i tett samarbeid med nasjonale og lokalbaserte sivilsamfunnsorganisasjonar som har godt fungerande system og kapasitet.

### Seksuell og reproduktiv helse og rettar

Norad bidreg til at Noregs økonomiske og politiske forpliktingar til SRHR på om lag 1,6 mrd. kroner årleg blir nådd. Førebelse tal syner at Noreg i perioden 2020-2023 har utbetalt om lag 6,5 mrd. kroner av den totale forpliktinga på 9,6 mrd. kroner for perioden 2020-2025.

Seks organisasjonar som er leiande for å nå sentrale politiske føringar for SRHR, familieplanlegging, seksualitetsundervisning, prevensjon og trygge abortar, fekk avtalar for perioden 2023-2027. IPPF, SAAF, Ipas, MSI, Sonke Gender Justice og Amplify Change[11] er strategiske partnarar med mål å styrkje universell tilgang til SRHR for jenter, ungdom og kvinner i alt deira mangfald. Fire av partnarane er sterke pådrivarar for menneskerettane til LHBT+-personar. Andre sentrale partnarar er multilaterale organisasjonar og internasjonale og nasjonale sivilsamfunnsorganisasjonar. Norad jobbar for at SRHR-partnarar saman kan styrkje strategisk samarbeid, supplere, og utveksle relevant erfaring og kunnskap. Sjå òg omtale av SRHR under 'Global helse'.

[11] IPPF: International Planned Parenthood Federation, SAAF: Safe Abortion Action Fund, MSI: Marie Stopes International

Fleire utanriksstasjonar fekk faglege råd. I Malawi og Nepal besøkte Norad fleire SRHR-partnarar, eit seksualitetsundervisningsprogram og UNFPA sitt arbeid mot kjønnsbasert vald. Dette har ført til eit tydlegare landfokus i Norad si SRHR-portefølje. Norad kartla norsk SRHR-innsats i Malawi gjennom multilaterale- og sivilsamfunnsorganisasjonar, og utarbeidde ein rapport om abortsituasjonen. Dette bidreg til grunnlaget for ambassadens framtidige innsats.

**Sonke** jobbar gjennom det regionale 'Men Engage' nettverket for at alle kvinner og jenter i Etiopia, Malawi og Uganda skal få tilgang til SRHR-tenester. Dei jobbar primært ved å engasjere menn og gutar for å endre skadelege kjønnsnormer og å auke ungdomar si moglegheit til å påverke vedtak og tenestelevering.

Samarbeidspartnarar, UD og Norad har følgt opp den aukande motstanden mot SRHR. På oppdrag frå UD har Norad synt korleis konservative aktørar samarbeider og finansierer sitt normative arbeid i FN og på landnivå for å auke motstanden mot breiare menneskerettar. UD delte fagnotatet med utanriks-stasjoner. Norad vil fortsette å gi faglege råd og delta i globale nettverk om dette temaet.

### Kjønnsbasert vald og skadelege skikkar

Tiltak Norad har støtta har bidrege til at Noreg sin økonomiske og politiske forplikting til skadelege skikkar på 760 mill. kroner for perioden 2020-2023 er nådd. FN sitt fellesprogram mot kjønnslemlesting og barneekteskap og FN sitt fond for å kjempe mot vald mot kvinner utgjer saman med innsatsen frå sivilsamfunnsorganisasjonar sentrale element i arbeidet mot kjønnsbasert vald.

I oppfølging av fellesprogrammet mot barneekteskap gav Norad innspel om at tverrgåande omsyn må integrerast betre, viktigheita av å styrkje sivilsamfunn som partnarar, og korleis drivarar som klima og fattigdom påverkar omfang av skadelege skikkar og SRHR. Å styrkje arbeidet med lokalisering og lokalt tilpassa program har òg vore viktig i oppfølginga av fellesprogrammet mot kjønnslemlesting.

FN sitt fond for å kjempe mot vald bidreg til å gi fleksibel fleirårig støtte til lokale organisasjonar, særleg kvinneleia organisasjonar som jobbar mot vald og breiare førebygging gjennom til dømes helse og utdanning. Fondet vil styrkje arbeidet med å utvikle kunnskapsprodukt som har overføringsverdi til andre land. Norad vil særleg følgje med på kva tyding fondet har for å styrkje lokalt baserte organisasjonar og korleis mekanismen kan nyttast av relevante FN-organ og i humanitære kontekster.

### Tiltak for like moglegheiter til høgare utdanning

NORHED II-programmet har tiltak som gir kvinner betre moglegheiter til høgare utdanning, leiarutvikling og forskingskompetanse. Dette inkluderer mellom anna stipend, betalt barselpermisjon, utvikling av institusjonelle retningslinjer for likestilling, studiekurs om kvinner sine rettar og rettleiing- og karriereutviklingsprogram. Tiltaka bidreg òg til kunnskapsproduksjon for å formidle og påverke politikkutforming som varetek kvinner sine behov og rettar. I mange partnarland har dette ført til at fleire kvinner tek del i høgare utdanning. Det er framleis ei utfordring å rekruttere kvinnelege kandidatar til doktorgrad- og postdoktorstillingar.

### Lik tilgang til teknologi og digitale verkemiddel

250 millionar færre kvinner enn menn har tilgang til internett. Det er 25 prosent mindre sannsynleg at kvinner kan nytte digital teknologi samanlikna med menn og gutar. Innovasjon og digitalisering er eit av fleire verkemiddel for å framskunde utvikling ved å gi jenter og kvinner betre tilgang til teknologi og digitale løysingar. Gode, trygge og opne digitale løysingar kan auke jenter og kvinner si deltaking i

samfunnet. Norad sitt samarbeid med Verdsbanken sitt G2Px for å skape trygge og inkluderande løysingar for statlege utbetalingar er eit viktig bidrag for å styrkje kvinner sin private økonomi, meir finansiell autonomi og inkludering i arbeidslivet.

## 1.7 Demokrati og menneskerettar

Me lever i ei verd som i aukande grad er prega av krig, konflikt og polarisering. I mange land ser me alvorlege tilbakeslag mot både demokratiet og menneskerettar og angrep på individ og grupper som står opp mot urettferd på fredeleg vis. Samstundes er det mange som mobiliserer for ei betre verd. Å støtte desse er ei viktig oppgåve for Norad. Difor bidreg Norad til å styrkje menneskerettar og demokrati på ein rekke ulike måtar. Norad følgjer òg opp tiltaka i rapporten som vart sendt til UD i september 2023 om menneskerettsbasering av norsk bistand.

### Kompetanse og fagleg rådgiving

Norad deltek aktivt i eit europeisk nettverk for dialog og kunnskapsutveksling om integrering av menneskerettar i bistandssektoren. Erfaring frå nettverket syner at det er krevjande å få til menneskerettsbasering i praksis. Dette krev kompetanse og oppfølging i organisasjonen og hos partnarar. Gjennom nettverket har Norad difor bidrege til å utvikle eit verktøy for å vurdere integrering av menneskerettar i ulike innsatsar og prosjekt. Verktøyet er laga av danske Institut for menneskerettigheder og er førebels ein pilot som Norad ynskjer å teste på utvalde prosjekt i 2024.

Norad både organiserte og deltok i fleire opne arrangement om menneskerettar og bistand i løpet av 2023, m.a. med FNs spesialrapportør på menneskerettsforsvararar. I tillegg har Norad organisert faglege møte med FNs spesialrapportørar på ytringsfridom og trus- og livssynsfridom og FNs Høgkommissær for menneskerettar. Desse møteplassane har gitt rom for utveksling av kunnskap om menneskerettar sin sentrale plass i ei berekraftig utvikling.

Norad har bidrege med fagleg rådgiving om menneskerettar til fleire ambassadar. Hausten 2023 gav Norad opplæring på ambassaden i Kathmandu om integrering av menneskerettar i bistandsarbeidet. Norad var òg i DR Kongo for å gi faglege råd til ambassaden i Kinshasa om menneskerettsbrot i gruvesektoren. Samarbeidet vart godt teke imot av ambassadane og har bidrege til gjensidig kompetanseheving.

Norad har òg gitt faglege innspel om menneskerettar til UD sitt styrearbeid i multilaterale organisasjonar, m. a. WHO, Unicef og UNAIDS. Støtta som Norad gav til Verdsbanken sitt Human Rights, Inclusion, and Empowerment Umbrella Trust Fund skal bidra til å styrkje inkludering av menneskerettane på tvers i banken sitt arbeid.

I tråd med oppdrag frå UD leverte Norad ein resultatrapport for gjennomføringa av *Strategi for ytringsfridom i utanriks- og utviklingspolitikken*. Rapporten inneheld ei samla oversikt over støtta innsatsar, resultat, lærdomar og tilrådingar som gir retning for Noregs vidare arbeidet med ytringsfridom.

Styrking av sivilt samfunn
I forvaltinga av Kap 170, post 70 *Sivilt samfunn* sikrar Norad ei menneskerettsbasert tilnærming i alle trinn. Menneskerettar, både som eige mål og som grunnleggjande prinsipp for all støtte, kjem tydeleg fram i dialogen med søkjarar. I søknadsrunden for norske organisasjonar i 2023 fekk Norad søknader

om støtte til å styrkje m.a. rettane til barn, arbeidstakarar og personar med nedsett funksjonsevne. I mange delar av verda blir handlingsrommet for sivilsamfunnet stadig mindre og trongare. Norad har utarbeidd porteføljen 'Civic space' for å motverke denne utviklinga. Målet er å bidra til at regjeringar respekterer, vernar og styrkjer handlingsrommet til sivilsamfunnet globalt og spesielt i Noreg sine samarbeidsland. Ved i større grad å kople ulike partnarar saman og byggje eit sterkare nettverk av sivilsamfunnsaktørar, kan Norad styrkje effekten av innsatsen på det sivile handlingsrommet.

**Menneskerettar for barn og unge**
Norad har gjennom fleire år støtta Redd Barna. Dei er ein barnerettsorganisasjon som jobbar målretta for at styresmaktene skal haldast ansvarlege for realiseringa av menneskerettane til barn. Dette skjer mellom anna gjennom mobilisering av barn som talspersonar for eigne rettar og styrking av både sivilt samfunn og offentlege institusjonar. I Malawi har Redd Barna eit særleg fokus på å redusere barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I samarbeid med lokalsamfunn, lokale førebilete og lokale organisasjonar, jobbar dei for å betre sosiale, kulturelle og kjønnsbaserte normer. Saman med lokale styresmakter jobbar dei for å auke tilgangen til kvalitetsutdanning for jenter og gutar som er ramma av kjønnsbasert vald. Dei styrkjer i tillegg barn sin tilgang til eit barnevennleg rettssystem. Redd Barna integrerer klima som eit tverrgåande omsyn ved at dei arbeider for berekraftige forsyningskjeder i all innsats. Vidare lærer dei barn om klimaendringar og moglege løysingar og jobbar politisk for å sikre barn ei berekraftig framtid.

### Urfolks- og lokalsamfunn sine rettar
Å styrkje rettane til urfolks- og lokalsamfunn er eit eige innsatsområde i det strategiske rammeverket til klima- og skoginitiativet. Studiar syner at urfolksterritorium er dei best bevarte regnskogområda. Om lag 80 prosent av det som er att av biologisk mangfald finst i urfolksterritorium. Samstundes er urfolk mest utsett for konsekvensane ved ulovlege aktivitetar i skogen og tilhøyrande avskoging. Norad bidreg til å styrkje rettane og levekåra til urfolk og lokalsamfunn gjennom ein omfattande prosjektportefølje med sivilsamfunnspartnarar. I rapporteringsperioden har porteføljen mellom anna blitt styrkt gjennom fornya samarbeid med Tenure Facility. Dette er ein finansieringsmekanisme for urfolk og lokalsamfunn sitt arbeid med å sikre landrettar.

Norad har bidrege med råd til KLD i samband med oppfølging og rapportering på finansieringsløftet til Urfolk frå COP26 i Glasgow. Der gjekk givarar saman om eit finansieringsløfte på USD 1,7 mrd. for å styrkje urfolks landrettar og levekår. Noreg og resten av givarane er i rute med å innfri finansierings-løftet. Ei utfordring som står att er at delen av finansieringa som blir kanalisert direkte til urfolksorganisasjonar blir verande låg.

### Likeverd og like moglegheiter
I 2023 bidrog Norad til oppfølging av strategien *Likestilling for alle: Styrkt innsats for inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i utviklingspolitikken (2022–2025)*. Som ein viktig del av dette leverte Norad eit forslag til UD på ein metode for toårig resultatrapportering om gjennomføring av strategien. Norad er òg i gang med å planleggje eit opplæringsopplegg for saksbehandlarar i bistandsforvaltinga for å sikre tverrfagleg inkludering på dette feltet.

Norad inngjekk avtaleforpliktingar på over 244 mill. kroner til målretta tiltak, m.a. med Atlasalliansen og FNs Partnership on the Rights of Persons with Disabilities og ny rammeavtale med Digni. Ved fleire

høve har Norad gitt faglege råd til UD, og Norad deltok på vegne av UD på styremøte i Global Action for Disability (GLAD)-nettverket i Brussel i oktober.

Norad har utarbeidd ein rettleiar for å styrkje arbeidet med inkluderande utdanning ved å gi konkrete råd til bruk ved forvalting og oppfølging av avtalar. Norad har òg sett i gang eit samarbeid med OsloMet om å utarbeide ei kunnskapsoversikt og forsking om inkluderande utdanning i låginntektsland som Norad samarbeider med.

Kvinner og personer frå utsette grupper, inkludert personar med nedsett funksjonsevne, er underrepresenterte innan høgre utdanning og forsking i utviklingsland. Difor har programmet NORHED II prioritert stipend til desse gruppene, inkludert tiltak og støtte for tilrettelegging ved partnaruniversitet.

Norad syner vidare til arbeid for menneskerettane til LHBT+-personar omtala under satsingsområda Global helse og Likestilling og kvinner sine rettar.

**Akademisk fridom**
Fleire statar, m.a. i Afrika, går i ei autoritær retning, og akademisk fridom er truga. Norad støttar difor Council for the Development of Social Science Research in Africa (CODESRIA), eit panafrikansk forskingsråd innan samfunnsvitskap, og Studentane og Akademikaranes Internasjonale Hjelpefond (SAIH) sitt arbeid for akademisk fridom og rettar for studentar.

### Digital identifikasjon (ID) gir tilgang til grunnleggjande rettar

I eit demokrati er det viktig at borgarar har lik tilgang til rettar, moglegheiter og deltaking i samfunnet. Med identifikasjonsdokumentasjon (ID) kan individ stemme ved val, opne ein bankkonto, få tilgang til helsevesen og utdanning, moglegheit til arbeid og tilgang til bustadmarknaden.

Ifølgje FN sitt berekraftsmål nummer 16 er tilgang til ID eit viktig bidrag ved å fremje rettferd og sterke institusjonar. Samstundes manglar over 850 millionar menneske tilgang til gyldig ID og blir dermed ekskludert frå viktige rettar. Ein majoritet av desse bur i låg- eller mellominntektsland.

Ei løysing er tilgang til digital ID. Norad har difor i samarbeid med Modular Open Source Identity Platform (MOSIP) og Verdsbanken/ID4D jobba med å gjere opne, trygge, rettferdige og interoperatible løysingar for digital ID tilgjengeleg. I dag har over 90 millionar menneske fått ei form for digital ID gjennom nasjonale utrullingar, m.a. på Filippinene og i Etiopia.

## 1.8 Klima- og skogsatsinga

Norad sitt oppdrag er å bidra til å nå Klima- og skoginitiativet (Kos) sine mål slik dei er skildra i Prop. 1 S (2022-2023). Norad har eit særleg ansvar for å sikre at innsatsen bidreg til berekraftig utvikling.

Norad har eit særskilt ansvar for dei bilaterale partnarskapa med Peru og Guyana, innsatsen i Sentral-Afrika gjennom Det sentralafrikanske skoginitiativet (CAFI), støtta til sivilsamfunnsorganisasjonar, multilaterale innsatsar som FNs skogprogram UN-REDD og eit utval andre avtalar av strategisk betyding for den overordna Kos-porteføljen. Norad sin resultatrapportering her har eit særskilt fokus på dei delane av initiativet som Norad er mest involvert i.

Norad samarbeider med eit breitt utval partnarar for å setje i verk tiltak i tråd med Kos sitt strategiske rammeverk. Tabellen syner budsjettfordelinga på ulike innsatsområde, inkludert endringar og tillegg gjennom året. Tildelinga for 2023 var noko lågare enn dei juridiske forpliktingane i den samla avtalemassen. Norad handterte dette gjennom tett oppfølging og dialog med partnarar, budsjettjusteringar hos enkelte partnarar og endra fordeling mellom underpostane i tildelinga.

**Tabell 4 Fordeling budsjett på ulike innsatsområde (i mill. kroner)**

| Mål/satsing | Tildelingsbrev 2023 | Supplerande tildelingsbrev og endringar* | Skildring |
|---|---|---|---|
| **Politikk for arealforvalting** | 200,0 | 181,7 | M.a bilaterale partnarskap med Guyana og Peru og samarbeid med provinstyresmaktar i utvalde land gjennom Governor's Climate and Forest Task Force og landskapsarbeid med IDH. Enkelte utbetalingar er skjøvt til 2024 for å sikre dekking av forpliktingar på andre underpostar. |
| **Internasjonale insentivstrukturar** | 600,0 | 588,4 | Fonda Central African Forest Initiative (CAFI), UN-REDD og Det grønne klimafondet (GCF). |
| **Avskogingsfrie forsyningskjede** | 100,0 | 93,9 | Sivilsamfunnspartnarar innanfor områda globale råvaremarknadar og finansmarknadar. |
| **Urfolk** | 160,0 | 196,6 | Sivilsamfunnsorganisasjonar som jobbar med Urfolks- og lokalsamfunn sine rettar og levekår, ny avtale med Tenure Facility og ei tilleggsløyving til Regnskogfondet. Norad hadde høgare forpliktingar enn tildelinga og har flytta midlar mellom underpostane for å innfri desse. |
| **Skogkrim og transparens** | 75,0 | 85,3 | I hovudsak sivilsamfunnspartnarar sitt arbeid mot skogkriminalitet. Det har vore enkelte forseinkingar hjå partnarar i denne kategorien som no byrjar å bli tatt att. |
| **Global oppslutting** | 110,0 | 117,9 | Sivilsamfunnspartnarar innanfor kategorien global oppslutting. Det har vore enkelte forseinkingar hjå partnarar i  som no byrjar å bli tatt att. I tillegg har det blitt inngått ny avtale med UNDP for støtte til sekretariatet for Forest Climate Leaders Partnership (FCLP). |
| Total | **1 245,0** | | |

*Inkludert tilbakebetalte midlar

### Bidrag til berekraftig utvikling og berekraftsmåla

FAO estimerer at om lag ein tredel av befolkninga i verda er avhengig av skog eller produkt frå skogen. Litt over ein milliard menneske lever i eller tett ved tropiske skogar. 90 prosent av dei som òg lever i ekstrem fattigdom, er avhengig av skogen for heile eller deler av levebrødet sitt. På verdsbasis er over 13 millionar menneske sysselsette i den formelle skogsektoren. Medrekna uformell sektor aukar talet til 73 millionar. Skog bidreg med 22,2 prosent av inntektene i låginntektsland. Det er med andre ord tette band mellom innsatsen for å bevare tropiske skogar og berekraftig utvikling.

Verda sine skogar medverkar til essensielle økosystemtenester som reint vatn, stabile nedbørsmønster, god jordhelse, frisk luft og biologisk mangfald. I tillegg bind dei opp store volum karbon som er avgjerande for å nå klimamåla i Paris-avtalen. Tropiske regnskogar dekker om lag tolv prosent av jorda sitt landområde. 80 prosent av alle landbaserte artar held til i desse skogane. Dei største samanhengande områda med tropisk skog finst i Sør-Amerika, Afrika og Asia. Klima- og skoginitiativet gjer utslagsgivande innsats i alle dei tre store skogbassenga i verda.

Dei tverrgåande omsyna i norsk utviklingsinnsats; menneskerettar, likestilling, klima og miljø og anti-korrupsjon blir følgt opp i alle tiltak i heile prosjektsyklusen. Risiko for negative konsekvensar for nokre av omsyna blir identifiserte tidleg. Partnarane må planleggje for mildnande tiltak om risikoen blir sett på som betydeleg, anten for måloppnåing eller for å vareta det tverrgåande omsynet.

Kos bidreg til fleire av FN sine berekraftsmål. Mest sentralt er berekraftsmål 15 - Livet på land og berekraftsmål 13 - stoppe klimaendringane. Innsatsen bidreg òg betydeleg til mål 1 og 2 om redusert fattigdom og svolt gjennom matvekstane og økosystemtenestene som skog medfører, og dessutan mål 3 og 6 om betre helse gjennom tilgang til medisinplantar og reint vatn fordi skogane inneheld store vasskjelder. Endeleg bidreg porteføljen til mål 16 om godt styresett gjennom omfattande støtte til reformer i partnarland og mål 17 gjennom omfattande samarbeid og partnarskap. Berekraftsmåla på klima og natur er grunnleggjande for at det skal vere mogleg å nå dei andre berekraftsmåla.

## Utvalde overordna resultat

Detaljert skildring av resultat og korleis Norad sin klima- og skogportefølje bidreg til berekraftig utvikling er integrert i rapporteringa mot det strategiske rammeverket til klima- og skoginitiativet og blir omtala i vedlegg. Under følgjer utvalde overordna resultat i dei viktigaste partnarlanda.

### Sentral-Afrika

Den norske innsatsen mot avskoging i Kongobassenget går hovudsakleg gjennom CAFI. CAFI si tilnærming er breie tilretteleggings-, reform- og investeringsprogram som tek tak i direkte og underliggjande avskogingsdrivarar. Det meste av innsatsen er retta mot DR Kongo. CAFI har dei siste åra posisjonert seg som FN sitt største klimafond, og ein av dei viktigaste endringsaktørane i Sentral-Afrika.

I 2023 annonserte USA at dei sluttar seg til CAFI som observatør. Fondet har auka med USD 151 mill. i 2023, og har samla teke i mot USD 748 mill. Til saman har dei ti givarlanda forplikta USD 892 mill. til CAFI fram til 2027. Ein estimerer at CAFI sidan 2015 har nådd ut til meir enn 10 millionar menneske.

### Framgang på politiske milepælar i DR Kongo

Det finst ikkje offisielle tal av nyare dato på avskoginga i DR Kongo, men tal frå Global Forest Watch

indikerer at avskoginga i DR Kongo har stabilisert seg på eit høgt nivå og at berre Brasil har hatt høgare tap av skog dei siste åra.

I 2021 signerte DR Kongo og CAFI ein ny tiårig intensjonsavtale med førebels finansieringsramme på USD 500 mill. fram til 2026. Intensjonsavtalen inneheld 90 politiske mål og milepælar om utvikling av politikk, lover, tiltak og institusjonar. Målet er at desse samla skal styrkje DR Kongo si evne til å levere berekraftig arealforvalting. Det er solid framdrift på dei politiske milepælane. Ein gjennomgang i 2023 syner at 77 prosent av milepælane for 2021 og 2022 var nådd eller har god framgang. Blant desse er vedteken politikk for berekraftig landbruk. Denne legg viktige føringar for korleis DR Kongo skal auke matproduksjonen og styrkje landbrukssektoren samstundes som regnskogen og viktige torvmyr-område blir bevart. DR Kongo har vedteke ny politikk for familieplanlegging for 2021-2025. CAFI har støtta utviklinga. Styresmaktene har òg vedteke retningslinjer som gjer det obligatorisk å publisere olje- og gruvekontraktar som styresmaktene har inngått. Dette er viktige prinsipp for openheit i ein sektor som er assosiert med betydelege utfordringar knytt til styresett og manglande openheit.

Avskoginga i DR Kongo kan ikkje berre løysast med reformer sidan avskoginga er tett forbunde med fattigdom. Det er behov for langsiktige investeringar i mellom anna landbruk fritt for avskoging. Arbeidet med programutvikling har vore sterkt forseinka, men enkelte nye satsingar kom på plass mot slutten av 2023. Forseinkingane kan delvis forklarast med manglande kapasitet i det nasjonale REDD-fondet og manglande oppfølging av avtalt reform av fondet. 2023 var valår i DR Kongo og det har påverka styresmaktene sin kapasitet og fokus.

**Styrkt innsats for private investeringar i Sentral-Afrika**
CAFI lanserte ei utlysing for støtte til privat sektor i Sentral-Afrika med eit budsjett på USD 100 mill. Finansieringa vil vere i form av investeringstilskot som inneber offentleg-private finansieringsløysingar eller lån med lågare rente enn marknadsrenta. Ved utgangen av 2023 hadde CAFI fått 13 søknader for å jobbe med løysingar innanfor reinare koking, landbruk, økoturisme og andre innovative tilnærmingar til skogbevaring.

**Statskupp i Gabon – konsekvensar for samarbeidet**
Etter militærkuppet i 2023 har det ikkje vore dialog mellom Gabon og Noreg på politisk nivå. Ingen eksisterande prosjekt har blitt suspenderte, men CAFI har heller ikkje godkjent nye program. I samband med avtalen mellom CAFI og Gabon om resultatbasert utbetaling, var det forventa at førre regjering skulle sende resultatrapport for periode 2018-2020 til CAFI, men det er ikkje avklart korleis den nye regjeringa vil forhalde seg til dette.

### Styrkt samarbeid med Kamerun
CAFI sin innsats i Kamerun har i 2023 blitt styrkt. CAFI har etablert godt samarbeid med departementet for økonomi, planlegging og regional utvikling (MINEPAT). Våren 2023 forhandla dei fram ei programutlysing med ei finansieringsramme på USD 60 mill. Det vart etablert eit koordineringsprogram som skal styrkje samarbeidet mellom MINEPAT og relevante etatar og program. Det har blitt utvikla eit sett med integrerte program som omfattar eit landskapsforvaltingsprogram i sentrale Kamerun (Mbam), eit kapasitetsutviklingsprogram for arealplanlegging og støtte til Cocoa and Coffee Sector Development Fund (FODECC).

### PERU - REDD+ finansieringsmekanisme operasjonalisert

Den politiske situasjonen i Peru har vore utfordrande i 2023. Innsettinga av Dina Boluarte som ny president etter det mislukka forsøket på statskupp i desember 2022 førte til opptøyar. I siste halvdel av 2023 stabiliserte situasjonen seg, men regjeringa Boluarte verkar å ha hovudfokus på å bestå fram til nytt nasjonalval i 2026. Dette har ulike interessegrupper nytta seg av. Mot slutten av 2023 vart det vedteke endringar i skoglova i landet som undergrev Peru sine internasjonale forpliktingar på klima og miljø. Sivilsamfunn, urfolksorganisasjonar og partnarane under Felleserklæringa reagerte offentleg på lovendringa. Trass den negative utviklinga har miljødepartementet fått auka kapasitet med bistand frå FAO/UNREDD, finansiert med midlar frå Noreg og Storbritannia. Det har vore noko framdrift i arbeidet med å utvikle innlemming av enkeltståande prosjekt i nasjonale registre, utvikling av ART-TREES sitt registreringsdokument og dessutan konsolidering av avskogingsdata for 2020, 2021 og delvis òg for 2022. Det norske bidraget til Peru sin REDD+ finansieringsmekanisme vart overført til Profonanpe som følgje av at styret og investeringskomiteen vart formelt etablerte og ein operasjonsmanual godkjent. Mot slutten av året vart òg driftsplanar for 2024-2025 for mekanismen godkjent.

### GUYANA – framleis låg avskoging

Guyana opplever høg økonomisk vekst, hovudsakleg knytt til utviklinga i petroleumssektoren. Verdsbanken spår at den lokale økonomien vil vekse betydeleg framover og gjere Guyana til ein av dei raskast veksande økonomiane i verda. Guyana sitt forhold til Venezuela er anstrengt.  Venezuela gjorde i 2023 nytt krav på det som svarer til 70 prosent av Guyana sitt territorium, inkludert offshore. Førebels finst ikkje avskogingsdata for 2023. Tala for 2022 syner ei avskoging på 6 740 hektar, noko som svarer til ein årleg avskogingsrate på 0,036 prosent mot 0,042 prosent året før.

Guyana sin lågkarbonstrategi 'Low Carbon Development Strategy 2030' er eit viktig politisk styrings-verktøy. Deltaking i internasjonale karbonmarknader er sentralt. Styresmaktene har måtte tole kritikk frå Amerindian People's Association (APA) for det som blir skildra som utilstrekkeleg involvering av urfolk i samband med salet av karbonkredittar som fann stad i desember 2022. Samstundes har styresmaktene i Guyana eit godt og direkte samarbeid med det offisielle Urfolksrådet 'National Toshaos Council'.

Norad si tette oppfølging av prosjektporteføljen inkluderte reiser til Guyana. Gjennomføringsevna er framleis låg. Av GRIF-midlar er det samla berre nytta 29 prosent. Årsakene er samansette, men kapasiteten både hjå styresmaktene og dei implementerande partnarane spelar inn. Det er forventa at utbetalingstakta aukar når kontraktar under solenergiprosjektet GuySol kjem på plass, noko forseinka. Guyana har byrja å utarbeide forslag til eit prosjekt for flaumberedskap som vil vere eit særs viktig klimatilpassingstiltak for landet. Prosjektet ynskjast finansiert med dei resterande USD 52 mill. som står tilgjengelege i GRIF hos Verdsbanken. Sjølv om gjennomføringsevna er låg, har prosjekta over tid bidrege til at fleire urfolk har fått anerkjent sine landrettar. Fleire titals landsbyar har fått etablert fysiske IKT-sentralar med datautstyr til bruk for innbyggarane. I 2023 starta Norad opp att dialogen med styresmaktene om eit prosjekt for å støtte urfolkssamfunn i å lage utviklingsplanar som vil danne grunnlag for direkte tilgang til karbonkreditt-inntektene.

### Brasil – betydeleg redusert avskoging i Amazonas, men framleis utfordringar

Dei offisielle avskogingstala (PRODES) for skogåret 2022/2023 synte nedgang på 22,3 prosent i Amazonas. Nedgangen fann i hovudsak stad etter at Lula vart president i januar 2023. Regjeringa sin offensive politikk for å redusere avskoginga i Amazonas har skapt raske resultat. Nedgangen

representerer ein reduksjon av 133 millionar tonn unngått karbondioksidekvivalentar i atmosfæren og rundt 7,5 prosent av dei totale utsleppa i landet ifølgje det brasilianske miljødepartementet.

Ei urovekkjande utvikling i savanneskogen Cerrado har kome i skuggen av dei gode tala frå Amazonas. PRODES syner at avskoginga aukar. Fleire av Norad sine partnarar jobbar for å skape medvit blant forbrukarar og private selskap om betydinga av å verne Cerrado som òg er eit *biom,* eit stort biologisk samfunn. I 2023 vart dei nasjonale tiltaksplanane mot avskoging for Cerrado oppdatert. Fleire av Norad sine partnarar frå sivilt samfunn har medverka aktivt til planane med innspel og analysar.

Amazonasfondet er på ny fullt operativt etter at midlane var frosne mellom 2019-2023. President Lula og miljøminister Marina Silva har understreka fondet si betyding og har i 2023 lukkast i å tiltrekkje fleire partnarar, m.a. Storbritannia, USA og Sveits. Noreg annonserte under COP28 nye 500 mill. kroner.

Amazonas-toppmøte (Amazon Summit) i Pará i 2023 førte til ein vitalisering av Traktatorganisasjonen for samarbeid i Amazonas (ACTO). Slutterklæringa med 113 punkt syner semje om å fremje berekraftig utvikling i Amazonas og kan fungere som eit godt verktøy for styrkje regionalt samarbeid. Fleire av Kos sine sivilsamfunnspartnarar deltok aktivt på toppmøtet.

### Indonesia – framleis rekordlåg avskoging

I 2023 tildelte Noreg nye resultatbaserte utbetalingar til Indonesia under det bilaterale samarbeidet. Utsleppsreduksjonar for skogåra 2017/18 og 2018/19 vart verifiserte i løpet av året, og i alt USD 100 mill. utbetalt (halvparten av desse i januar 2024). Midlane blir plasserte i det indonesiske miljøfondet og skal støtte gjennomføringa av Indonesia sin miljø- og klimaplan (FOLU Net Sink 2030). Investeringsplanen for dei norske bidraga er ikkje offentleggjort enno.

Dei offisielle tala for avskoging i 2022-23 er enno ikkje publiserte. Sjølv om førebelse indikasjonar kan tyde på at avskoginga aukar noko i 2023, er landet i ei svært positiv utvikling. Avskoginga er redusert med 90 prosent sidan 2015. Det er òg framsteg når det gjeld landsrettane til urfolk i 2023, med anerkjenning av dei første tradisjonsbaserte skogareala (hutan adat) i Aceh, ein av Indonesia sine skogrike provinsar. Juridiske utfordringar tidlegare år har bremsa for dette. Nye urfolksområde er òg anerkjende i Papua-provinsane. Samstundes er det ingen framgang å spore rundt utkastet til lov om anerkjenning og vern av urfolk, som har lege i parlamentet i om lag ti år. Indonesias urfolksallianse AMAN melder om at presset mot urfolkssamfunn stadig aukar. Det kan òg sjå ut til at drivarbiletet er i endring, der utvinning av nikkel verkar som ein viktigare drivar av avskoging enn tidlegare.

### Colombia – redusert avskoging og positiv utvikling for urfolk

Nedgangen i avskoging som starta i 2022 har halde fram. Fredsdialog mellom styresmakter og geriljagrupper har bidrege til dette. Det er òg eit auka samarbeid mellom miljø- og landbruks-styresmaktene om landsrettar, skogbevaring og betre levekår for lokalsamfunn.

Norad sine sivilsamfunnspartnarar i samarbeid med lokale partnarar jobbar for å fremje rettane til urfolk og lokalsamfunn, påverke politikk, fremje verdikjeder frie for avskoging og redusere skogkriminalitet. Saman med avtalane til ambassaden, utgjer Norad sine avtalar ei brei støtte til sivilsamfunn i Colombia.

Regnskogfondet som har jobba i Colombia i fleire år har i samarbeid med partnarane sine mellom anna bidrege til at 43 avtalar om rettane til urfolk og lokalsamfunn til landområda sine vart godkjent. Gjennom politisk påverknad har Regnskogfondet sine partnarar òg medverka til at Colombia underteikna Escazu-avtalen mot slutten av 2022, som forpliktar staten til å verne menneskeretts- og miljøforkjemparar.

### Etiopia – ny samarbeidsperiode byggjer på gode resultat

Samarbeid med styresmaktene om REDD+ Investment Program (RIP) utgjer grunnbjelken i samarbeidet med Etiopia. Første fase, (2017-2023), har synt svært gode resultat. Opp mot 1 million hektar skog er avgrensa for samfunnsbasert skogbevaring, 1 million hektar skog er restaurert, og 74 000 hektar plantasjeskog etablert. Over 300 000 hushaldningar har fått styrkt levebrødet sitt.

I 2023 annonserte Noreg ytterlegare støtte på 270 mill. kroner til neste fase av RIP for 2023-2026. Denne har som mål å avgrense ytterlegare 2 millionar hektar skog for skogbevaring, og restaurere ytterlegare 650 000 hektar minka skog. Programmet skal òg bidra til å etablere eit nasjonalt skogovervakingssystem som er robust nok til at Etiopia kan levere nasjonale utsleppsreduksjonar frå redusert avskoging og tap av skogkvalitet. Dette vil sikre finansiering gjennom sal av karbonkredittane til høg integritet i den frivillige karbonmarknaden. Norad har samarbeidd tett med ambassaden som forvaltar RIP-samarbeidet om utviklinga av ny programfase og støttar òg sivilsamfunnspartnarar som jobbar mot tilsvarande målsettingar.

## Effektiv forvalting og rådgiving

Norad forvaltar avtalane til klima- og skoginitiativet basert på risikostyring, resultatstyring og samfunnsøkonomisk effektivitet og har søkt å samordne både tilskotsmidlar og personellressursane best mogleg med ambassadane og departementet.

### Etablering og vidareutvikling av finansieringsmekanismar for REDD+

Kos jobbar i mange av partnarskapa med internasjonale og nasjonale finansieringsmekanismar som kanal både for investerings- og resultatbaserte betalingar. Norad bidreg med råd knytt til oppsettet av mekanismane for å sikre solide oppsett og med eit tydeleg fokus på berekraftig utvikling og sosiale sikringsmekanismar. Arbeidet med CAFI og organisasjonen Emergent vart prioritert også i 2023.

Saman med Storbritannia, USA og ei rekke store private selskap lanserte Noreg i 2021 LEAF-koalisjonen 'Lowering Emissions by Accelerating Forest Finance' med sikte på å mobilisere kjøparar av REDD+-kredittar med høg integritet. Koalisjonen blir koordinert av Emergent som opererer som ei plattform for kjøp og sal av utsleppsreduksjonar frå skog, og berre dei som er verifisert av den uavhengige Architecture for REDD+ Transaction (ART) for å sikre høg miljømessig og sosial integritet. I 2023 inngjekk Emergent sine første kjøpsavtalar med Ghana og Costa Rica. Norad bidrog med kvalitetssikring av forvaltingsgjennomgangar av dei implementerande partnarane og utvikling av dei juridiske kjøpsavtalane.

KLD og Norad deler styreplass i CAFI og har eit godt samarbeid. I 2023 har det vore lagt ned betydelege ressursar i å utvikle CAFI for å auke fleksibiliteten til å kunne mobilisere privat kapital og samarbeid med privat sektor i Sentral–Afrika. Norad sin breie kompetanse er trekt inn i arbeidet.

Ein annan prioritet har vore å sikre ein god prosess for reform av det nasjonale REDD-fondet i DR Kongo. Norad har i fleire omgangar vurdert oppdaterte styringsdokument og teke del i dialog med MPTF[12] og kongolesiske styresmakter om oppdateringa.

**Rådgiving og kvalitetssikring**

Norad har gjennom året støtta ambassadar og KLD med prosjektvurderingar og -evalueringar og juridisk kvalitetssikring av ei rekke avtaler. Me har oppdatert ordningsregelverket for klima- og skoginitiativet, og gitt bistand i samband med rapportering på status for skog- og urfolksforpliktingar inngått i Glasgow i 2022. Bistand til ambassaden i Addis Abeba var særleg prioritert og bidrog til at ny fase av Kos sitt samarbeid med etiopiske styresmakter kunne annonserast hausten 2023.

**Særleg om sivilt samfunnsporteføljen**

Norad sin internrevisjon har i rapporteringsperioden gjennomført stikkprøver i rekneskap og bokføring hos utvalde partnarar av sivilsamfunnspartnarane og underpartnarar i Indonesia. Det vart identifisert nokre oppfølgingspunkt, men ikkje funn som fordra vidare oppfølging frå internrevisjonen.

Med ulike hovudtema organiserte Norad vellukka partnarseminar i høvesvis DR Kongo og Colombia, og eit digitalt seminar for partnarar i Peru, i tett samarbeid med dei respektive ambassadane. Både direkte partnarar og underpartnarar frå sivilt samfunn deltok. I tillegg deltok representantar frå styresmaktene på delar av programmet. Tema i Colombia var moglegheiter og utfordringar knytt til skogpolitikken til ny regjering og korleis sivilt samfunn kan jobbe med jurisdiksjonell REDD+. I DR Kongo var hovudfokus på moglegheiter og utfordringar ved kollektive forvaltingsregime for lokalsamfunn og rolla som sivilt samfunn har i samarbeidet mellom CAFI og DR Kongo.

**Evaluering**

Det vart i 2023 gjennomført ein første fase av ei evaluering av Kos-midlar til sivilt samfunn. I denne fasen såg evalueringa på Norad si forvalting av midlane og søkte å svare på følgjande overordna spørsmål: i kva grad er det sannsynleg at Norad vil sikre synergiar for å oppnå ein samla effekt større enn summen av dei separate resultata frå prosjekta? Endeleg rapport blir fullført i 1. kvartal 2024. I andre fase av evalueringa er det planlagt å sjå på resultata av midlane.

**Synleggjering av resultat og kommunikasjon**

Norad jobba i 2023 særleg med ei satsing på å løfte fram arbeidet med skog og klima i Kongobassenget. Ein av hovudfilmane på Norad-konferansen i 2023 var om skogsamarbeidet i DR Kongo. Film- og fotomateriale frå DR Kongo vart nytta til å få ei rekke saker om regnskogen i Kongobassenget m.a. på NRK og i VG. Ei rekke filmar om ulike delar av skogsamarbeidet i DR Kongo er produsert, og ein del er vist i Norad og Kos sine sosiale medium. Titlane er: 'Verda treng den kongolesiske regnskogen', 'Apane som døyr utan kjærleik', 'Mattryggleik i DR Kongo', 'Familieplanlegging i DR Kongo' og 'Reine kokeomnar – vegen vekk frå kol'.

Norad laga òg film og foto frå Colombia, mellom anna med besøk til partnarar Gaia og FCDS. Dette er materiale som vil nyttast i ulike Norad-arrangement som Noradkonferansen og OTFF 2024, i tillegg til

[12] Multi Partner Trust Fund

presseinnsal og kommunikasjon i sosiale medium. Norad produserte bakgrunnsstoff for og delte informasjon om fleire klima- og skogrelaterte saker i riksdekkande aviser.

# 2. Kvalitet og effektivitet

Norad har jobba systematisk for å identifisere og setje i verk tiltak som kan bidra til betre og meir effektiv oppgåveløysing i Norad. Nokre av tiltaka bidreg òg til effektivitet hjå våre partnarar og er slik med på å omsetje regjeringa sin tillitsreform til partnarskapa våre. Arbeidet gjeld mellom anna tiltak for å forenkle forvaltinga, digitalisere, auke kvaliteten i mål- og resultatstyring og styrkje arbeidet med tverrgåande omsyn. Opplæring i nye måtar å gjere ting på er ein viktig del av å omsetje nye retningslinjer til praksis.

Innan fleire område har Norad det siste året nytta utlysingar som dekker fleire fagområde og/eller inngått avtalar på tvers av sektorar. Dette stimulerer til synergiar og aukar kvalitet og effektivitet i tilskotsforvaltinga. Eit døme er ei utlysing på tvers av klimarelaterte sektorar, jamfør omtale under 'Klimafinansiering'. Eit anna døme er samarbeid innan utdanning, mat og hav om ein avtale med GIZ[13] for 2023-2027. Dette programmet fokuserer på yrkesopplæring og sysselsetting i grøne sektorar som berekraftig landbruk og agroforedling, blå økonomi og akvakultur, fornybar energi, økoturisme og avfallshandtering og sirkulær økonomi. Programmet vil arbeide i seks land i Afrika og eit regionalt område i Sør-Afrika og mot rettar seg særleg mot kvinner og unge.

I 2023 sette Norad i verk mange av løysingane som vart greidd ut og vedteke gjennom det toårige prosjektet for å forenkle forvaltinga av tilskot i Norad. Prosjektet vart avslutta i desember 2023. Vidare utvikling er overført til linja. Løysingane omtalast nedanfor.

## 2.1 Porteføljestyring og resultatstyring

Norad vidareutvikla tematisk porteføljestyring for tilskotsmidlane direktoratet forvaltar. Norad har valt å etablere tematiske porteføljar for å samkøyre tiltak og innsatsar over fleire budsjettpostar.

Eit eige verktøy, Portfolio Dashboard, 'P-dash', gir samla oversikt og innsikt i status på porteføljane. Verktøyet nyttast òg til å gjere vurderingar av porteføljane undervegs. Verktøyet vart utvikla i 2023. Å ha éin stad for å presentere og samle informasjon om porteføljane har vore verdfullt. Mellom anna ser det ut til å gi god støtte i bruken av porteføljane i forvaltinga samla sett, t.d. i arbeidet med utlysingar.

Porteføljestyring og resultatstyring heng saman. Systemet for resultatstyring er vidareutvikla med mål om å: i) løfte dialogen med partnarar om resultat og læring, ii) kommunisere betre ut om resultat, iii) gi gode prioriteringar i val av partnarar og tiltak. Framover skal alle Norad sine avtalar vurderast årleg med omsyn til resultat i eit felles verktøy. Dette inneber at pålagde minimumskrav blir tydelegare og ei auka standardisering av korleis resultatvurderingar blir gjort. Systemet vil gjere det lettare å finne att, analysere og nytte resultatvurderingar. Systemet for resultatstyring vil gi eit grunnlag for årlege analysar av Norad sine porteføljar og auke tilfanget av resultatvurderingar på bistandsresultater.no.

---

[13] The Deutsche Gesellschaft für Internationale Zusammenarbeit

## 2.2 Plusspartnarmodellen og partnarvurderingar

Norad utvikla Plusspartnarmodellen, ein modell for samarbeid med solide og strategisk viktige sivilsamfunns-partnarar. UD og KLD godkjende regelverk for plusspartner i 2023.

Samarbeidsmodellen byggjer opp under regjeringa si tillitsreform og er venta å effektivisere forvaltinga hjå Norad og plusspartnarar og gi meir rom for strategisk dialog og nytenking. Store sivilsamfunnsorganisasjonar som fyller visse vilkår, kan søkje om å bli godkjend på grunnlag av ei grundig vurdering av strategisk relevans, kompetanse og kapasitet. Som plusspartnar får organisasjonen ei meir overordna oppfølging og fleksibilitet når dei gjennomfører tiltaka sine.

Norad kunngjorde i 2023 modellen for norske og internasjonale sivilsamfunnsorganisasjonar. Norad fekk fleire søknader og starta dei første vurderingane. Norad vil i størst mogleg grad gjere plusspartnarvurderingane sjølve. Det gjeld òg arbeid knytt til å vurdere systema til tilskotsmottakarar generelt. Me har auka gjenbruk av relevante vurderingar på tvers av UD og Norad og frå anerkjende internasjonale sertifiseringsordningar som allereie har vurdert systema til mottakarar. I sum har dette både bidrege til at same informasjon ikkje blir etterspurd oftare enn naudsynt og til meir spissa vurderingar av område med identifisert risiko.

For å lette gjenbruk av partnarinformasjon, spesielt vurderingane som gjerast av system og rutinar, starta Norad utviklinga av eit partnarregister. Fleire partnarar går att på tvers av utlysingar, og på desse vurderingspunkta står ei vurdering seg relativt godt over tid. Norad sine rådgivarar legg inn sine vurderingar, slik at dei kan nyttast av andre i framtidige avgjersler. Registeret gjer òg Norad si oppsummering av MOPAN-vurderingane for multilaterale partnarar tilgjengeleg. Desse blir nytta vidare som grunnlag i forvaltinga av midlar som går til multilaterale partnarar. Partnarregisteret er no inne i ein pilotperiode før avgjersle om vegen vidare.

## 2.3 Ordningsregelverk og malarbeid for ei meir effektiv forvalting

Norad heldt fram arbeidet med å utvikle malverktøy for å fremje ei risikostyrt og kostnadseffektiv forvalting med høg standard. Mellom anna forenkla me regelverket for innkjøp som gjerast av tilskotsmottakarar. Me samarbeidde med IOM, OECD og Europarådet med å utvikle nye malar for avtalar, noko som vil redusere ressursbruken knytt til forvaltinga av tilskot til desse partnarane.

På oppdrag frå UD gjekk Norad gjennom fleire ordningsregelverk for å sikre at dei framleis var i samsvar med politiske prioriteringar. Samstundes forenkla me ordningsregelverka.

Ein anna måte å styrkje resultata av tilskot og sikre ei meir effektiv forvalting utan store kostnader for søkarar og for Norad, var å lyse ut tilskotsmidlar på ei meir målretta måte, med meir presise krav til kompetanse og erfaring hjå potensielle søkarar. Norad starta arbeidet i 2023. Mange ordningar har blitt lyste ut ope med ein fast søknadsfrist. Andre ordningar har vore opne, utan frist. For ordningar der Norad har særs god kunnskap om kva aktørar som har aktuell kompetanse, valde Norad å invitere dei som er kvalifiserte. For nokre ordningar vel me ein prosess med to fasar, der utvalde aktørar inviterast til å sende full søknad etter at dei først er valt ut på bakgrunn av sterke konseptsøknader.

## 2.4 Støttesystem for tilskotsforvalting

Det tette samarbeidet mellom UD og Norad knytt til arbeidet med Tilskotsportalen heldt fram i 2023. Ansvaret for Tilskotsportalen og PTA vart på slutten av 2022 flytta attende til departementet. Tidleg i 2023 vedtok departementet at funksjonar knytt til sakshandsaming i Tilskotsportalen ikkje skulle nyttast vidare. Det var ein god prosess for avvikling og for å leggje til rette for vidare bruk av portalen for utlysing av tilskotsmidlar og mottak av søknader.

Tolv utlysingar vart handterte i Tilskotsportalen, elleve for Norad. Av 598 søknader var 578 til Norad, noko som er tredobbelt samanlikna med året før. Auka skuldast for ein stor del at fem av utlysingane vart gjennomførd med to fasar. Systemet handterer dette som to separate utlysingar.

Eit godt system for søk og attfinning av kjernedokument gjer sakshandsaming enklare og meir effektiv. Dei tilsette bidrog til å identifisere kategoriar av viktige dokumenttypar (kjernedokument). Resultatet er 15 nye obligatoriske metadatafelt som vart tekne i bruk i sakshandsamings-, arkiv- og dokument-handteringssystemet Public 360. Per. 31. januar 2024 har 12 752 journalpostar blitt påført type kjernedokument.

## 2.5 Nye IKT-tenester opnar for ytterlegare effektivisering og digitalisering

Norad skal etablerast på ei ny IKT-plattform. I 2023 inngjekk me ein avtale med den nye skypartnaren vår. Avtalen kjem etter ein fleirårig og systematisk prosess som har involvert interne og eksterne ressursar. Den vil gi Norad tilgang til moderne og effektive IKT-tenester når desse blir sett i drift i april 2024. Norad får tilgang til heilt nye digitale utviklingsmiljø som vil vere sentrale i satsingane våre om meir deling og bruk av data i avgjersleprosessar, og å effektivisere arbeidsprosessane våre gjennom digital transformasjon.

Norad oppretta eit initiativ for å prøve ut kunstig intelligens (KI)-verktøy på tunge manuelle prosessar i forvaltinga, utvikle ei rettleiing for bruk av KI og gi innspel til arbeidet med Norad sitt digitale målbilete. I 2023 vart det verksett tre pilotar: Uthenting av resultatinformasjon, oppsummering av rapportar og ein større pilot for utprøving av chat-roboten til Microsoft. Initiativet avsluttast første kvartal 2024.

## 2.6 Kompetanseutvikling og opplæring

I 2023 lanserte me 'Læringstorget' som samlar alle digitale kurs og læringsressursar som er relevante for våre tilsette i eit oversiktleg Norad-bibliotek. Norad tok òg i bruk forfattarverktøy og metode for digital opplæring, og vil framover kunne lage e-læring sjølv. Det vart prioritert å lage e-læring med naudsynt grunnkompetanse for nye tilsette og e-læring for å støtte opp om dei nye tiltaka omtala over, mellom anna porteføljestyring og meir målretta praksis for utlysingar.

Norad lanserte òg eit nytt e-læringskurs i tilskotsforvalting på engelsk som rettar seg mot heile utanrikstenesta. Per februar 2024 har om lag 190 tilsette i Norad og utanrikstenesta gjennomført heile kurset. Fleire mindre e-læringsmodular om tema som revisjon og bruk av digitale verktøy i tilskotsforvaltinga er òg utvikla og tilgjengelege på engelsk. Norad arrangerte i samarbeid med UD kurs i tilskotsforvalting for dei som skulle tiltre i stillingar ved utanriksstasjonar.

## 2.7 Å dele og nytte fagleg kompetanse bidreg til auka kvalitet

Norad sine sektorfaglege råd omtalast under satsingsområda. Stabsfunksjonane bidrog med juridisk, resultatfagleg og forvaltingsøkonomisk rådgiving internt og til ambassadar og departementa. Dette var mellom anna knytt til planlegging og utarbeiding av avtaler og addendum til avtaler, og deltaking i avtaleforhandlingar der det var relevant. Stabane bidrog i arbeid med fond, til dømes eit juridisk nybrottsarbeid knytt til fondet Education Cannot Wait. Fondet opnar for at norske midlar no kan gå direkte til lokale organisasjonar og sivilsamfunnsorganisasjonar og ikkje berre FN og multilaterale organisasjonar. Dette styrkjer lokalt leia utvikling. Fagleg rådgiving er ikkje berre til nytte for mottakarane av råda, men gir òg verdfull læring attende til Norad.

Norad har eigne kompetanselag for å betre kvaliteten på innsatsane for klima og miljø og menneske-rettar og likestilling som tverrgåande omsyn i utviklingssamarbeidet og bidra til at omsyna får naudsynt merksemd i forvaltinga. På sine tematiske område har dei bidrege gjennom å gi innspel i pågåande arbeid og til evalueringar, rettleie, utvikle innhald til, arrangere eller ta del i ulike seminar og møter. Kvar seksjon har ei likestillingskontakt. Kompetanselaget på klima og miljø følgjer opp Norad sin handlingsplan for grønare bistand og har bidrege til at alle avdelingar som forvaltar tilskot har eigne klima- og miljøsatsingar.

## 2.8 FN og utviklingsbankane

Norad har gitt faglege råd til UD i samband med styremøta for FN-organisasjonane. Rådgivinga har vore omfattande på felta økonomistyring og revisjon, forvalting og utviklingspolitikk i vidare forstand. Rammeresolusjonen (GA res 75/233) er lagt til grunn for rådgivinga. Departementet har i stor grad nytta rådgivinga i utforminga av dei norske posisjonane til styremøta. Norad deltok aktivt på møta med vår spesialkompetanse under forhandlingar, og tok del i referatskriving.

Norad har òg gitt råd til UD om forvalting og bistandsfaglege spørsmål knytt til dei multilaterale utviklingsbankane og utviklingsfond, både om innsatsar og strategiar, i tillegg til dei einskilde bankane si vidare retning og evolusjon.

Gjennom FN-nettverket i Norad og UD har betydinga av god finansiering av FN blitt fremja, og følgt opp i linja i dei einskilde tematiske seksjonane som forvaltar FN-avtalar. Likeins har Banknettverket arbeidd for god finansiering av nye avtaler med dei multilaterale bankane. Dette har medverka til at talet på avtalar med sterk øyremerking ikkje har auka. Intern rettleiing for forvalting av multilateralt samarbeid har fremja ei likare forvalting av avtaler.

Norad inngjekk i 2023 ein avtale med UNESCO for 2023-2025 for deira utdanningsarbeid. Det er berre fleksibel støtte til UNESCO sin overordna utdanningsstrategi.

## 2.9 Landnivå – samarbeid med ambassadane

Norad si landkontaktordning for tidlegare partnarland er no vel etablert. Generelt er Norad si røynsle at ordninga har bidrege til betre utveksling av informasjon og i nokon grad styrkt samhandlinga. Å bidra til at Noreg har ei stemme i dei landa Noreg samarbeider med har fått auka merksemd i Norad i

2023.  Samstundes som fleire tiltak er sett i verk må samarbeidet utviklast i åra som kjem. Norad arbeidde i 2023 fram det me kallar 'C-dash' – country dashboard. Det skal gi samla, og detaljert, oversikt over alle tilskotsmidlar til det einskilde samarbeidslandet. Ambassadane fekk informasjon om C-dash då Norad sine landkontaktar tok del i førebuande møter til ambassadane sitt arbeid med planer for 2024. At landkontaktane tok del i desse møta var eit godt bidrag til betre samarbeid UD-ambassadane-Norad.

Klimapartnarskapet med ambassaden i Dar es Salaam er eit døme på tett kontakt mellom ambassadar og Norad, sjå omtale under Klimafinansiering. Eit anna døme er eit utdanningsfagleg samarbeid som Norad og ambassaden i Addis Abeba etablerte i 2023. Koordinering og samhandling mellom ambassaden og Norad er formålstenleg for å sikre effektiv forvalting, ei tydeleg norsk 'stemme' innan utdanning i Etiopia, og for å sikre at erfaringar frå dei store internasjonale utdanningsaktørane på landnivå, blir nytta i dei globale dialogane og i styrearbeid innan utdanning.

I den norske søknadsrunden på Kap 170, post 70 *Sivilt samfunn* ga relevante ambassadar innspel på søknadene med omsyn til kontekstanalyse, vurdering av lokale partnarorganisasjonar, relevans for lokal kontekst, risiko og styrking av lokalt sivilt samfunn. Norad la vekt på ambassadane sine innspel i vurderingane av søknadene og då med fordelte tilskotsmidlane.

Det er tett dialog mellom Norad, UD og ambassaden i oppfølginga av midlar til Afghanistan, m.a. sivilsamfunnsposten og Kap 159, post 72 *Afghanistan*. Norad deltar i faste nettverksmøter med UD og ambassaden. Her deles informasjon og dilemma knytt til tryggleik, tilgang og rammene for norsk bistand til landet blir diskutert.

# 3. Kunnskapsutvikling, formidling og dialog

Prop. 1S (2022-2023) frå UD slår fast at 'Norsk utviklingssamarbeid skal holde høy kvalitet og være kunnskapsbasert'. Norad har i 2023 sett i verk fleire tiltak for å bidra til oppdatert kunnskap. Nokre av desse, mellom anna avtaler med lokale forskingsinstitusjonar, omtalast under dei tematiske satsingsområda. Dette gjeld òg skog-porteføljen, som svarar ut oppdrag frå KLD om å vurdere kunnskapsgrunnlaget for klima- og skogsatsinga, vurdere eventuelle kunnskapshol, og foreslå tiltak for å sikre at kunnskapen som finst nyttast aktivt i å utvikle Klima- og skoginitiativet sin innsats. Andre tiltak omtalar me i dette kapittelet.

Samstundes som oppdatert kunnskap er avgjerande for å ta gode val om innsatsar og tiltak, er det òg avgjerande for å gi relevante råd til departementa og ambassadane, og eit godt grunnlag for å formidle både val av tiltak og resultat av norsk utviklingssamarbeid på ei god måte.  UD sitt oppdrag til Norad i 2023 var å kommunisere om langsiktig utviklingssamarbeid og resultat. Oppdraget frå KLD var å gjennomføre kommunikasjonstiltak som bidreg til å oppnå måla for Klima- og skoginitiativet ved å nytte eit breitt utval av kommunikasjonsstrategiske verkemiddel i eigna kanalar nasjonalt og internasjonalt. Oppdraget omfatta òg å dokumentere og kommunisere resultat av Klima- og skoginitiativet, og vidareformidle informasjon i eigna kanalar.

Å synleggjere resultat av norsk bistand, arrangere faglege møteplassar og formidle kunnskap var viktig i kommunikasjonsarbeidet i 2023. Norad har arbeidd for å sikre at kunnskap om bistand når ut til den norske befolkninga og til spesifikke målgrupper nasjonalt og internasjonalt. Norad legg stor vekt på openheit og fagleg debatt for å oppnå læring, samarbeid og vidareutvikling av bistandsfeltet, og bidrag til auka legitimitet og god iverksetjing av norsk utviklingspolitikk.

Norad heldt to **inkubatorar** for effektevalueringar og kontrollerte studiar av norsk bistand. Effektevaluering og kontrollerte studiar er sentrale for å få betre kunnskap om resultat av bistandstiltak. I Prop. 1S (2022-2023) blir det opna for å inkludere effektevalueringar i aktuelle satsingar. Inkubatorane vart nytta for å bidra til at dette blir realisert. Dei vart gjennomført saman med Development Learning Lab (DLL) og forskarar frå Frischsenteret og University of Oregon. Målet var å hjelpe sivilsamfunnsorganisasjonar som får tilskot frå Norad med å utvikle gode effekt-evalueringar av sine program. Attendemeldinga frå deltakarane på begge inkubatorane var svært positiv, og me planlegg ein ny inkubator i desember 2024.

### Kunnskapsgrunnlag og endringsteoriar

Som omtala i Tildelingsbrev 2023 frå UD har Norad sett i gang arbeidet med å styrkje systematisering, utvikling, deling og bruk av kunnskap som eit eige område. Dette arbeidet svarar til utviklingsområde 5 i Norad sin strategi.

I 2023 var arbeidet i stor grad knytt til å utarbeide eit godt grunnlag for dei porteføljane Norad etablerte, jamfør omtale under 'Kvalitet og effektivitet'. Dette omfatta først og fremst å utarbeide eit solid kunnskapsgrunnlag og endringsteoriar. Desse vil bidra til synergiar og meir systematisk bruk av kunnskap i val av tiltak og partnarar på tvers av budsjettpostar. Målet er at dette skal føre til betre koordinering og måloppnåing av regjeringa sine utviklingspolitiske prioriteringar. Ved utgangen av 2023 hadde Norad tolv operative porteføljar som omfatta vel 50 prosent av avtalene. Fleire er under utvikling.

Ei anna sentral oppgåve knytt til porteføljane er å lage analyser av porteføljane kvart år. Desse vart laga hausten 2023 for første gang. Dei årlege analysane skal sikre at porteføljane følgjast opp og justerast ved behov. Porteføljeanalysen er ein sentral del av arbeidet med å følgje opp målsettinga i Prop. 1 1S (2022-2023) om å 'styrkje system og metodar for måling og evaluering av resultat' (s.77).

### Norad bidreg til å bygge lokal kunnskap

Å støtte afrikanske forskingsmiljø innan satsingsområde for norsk utviklingspolitikk har bidrege til å utvikle ny kunnskap og kapasitet innan ulike sektorar. Dette er uvurderleg for å finne løysingar på afrikanske, så vel som globale utfordringar. Det er òg viktig for at afrikanske land kan vere i førarsetet for eiga utvikling. Ved å kombinere kjennskap til partnarar, kunnskap om kapasitetsutvikling av forskingsinstitusjonar og temakunnskap fekk Norad i 2023 på plass strategiske samarbeid om klima, landbruk og hav med forskingspartnarar i Afrika sør for Sahara. Me har arbeidd tett med ambassadane i dette arbeidet, særleg i Tanzania[14]. Denne typen samarbeid bidreg til auka kvalitet og effektivitet i bistanden.

**Operasjonalisering av kunnskapssatsinga – kunnskap i søknader frå norske organisasjonar**

Norad publiserte i 2023 sine forventingar til bruk av kunnskap og evaluering hos organisasjonar som får tilskot. I utlysinga 'Styrking av sivilt samfunn i utviklingsland – norske organisasjonar 2024' over Kap. 170, post 70 *Sivilt samfunn* vart forventingane gjentekne, saman med korleis Norad operasjonaliserer kunnskapssatsinga.

Søkarar vart eksplisitt bedd om mellom anna å syne til evalueringar og forsking om forventa effekt av tiltaka, og å syne planar for systematisk evaluering for å dekke kunnskapshol. Ein grundig gjennomgang av kunnskapsgrunnlag og planar for kunnskapsbygging i søknadane med størst budsjett synte at fleire organisasjonar har kome langt med å integrere kunnskap i arbeidet sitt, men at det framleis står att noko, særleg når det gjeld å sannsynleggjere tiltaka sin utviklingseffekt.

### Norad sitt arbeid med offisiell norsk bistandsstatistikk

Norad sette saman og sikra kvaliteten i offisiell norsk bistandsstatistikk for 2023. Statistikken vart offentleggjort og lansert i mai, under arrangementet 'Tall som teller', med deltaking frå mellom anna utviklingsministeren, klima- og miljøministeren og Norad sin direktør (sjå punkt om møteplassar). Oversikter og analyser av norsk og internasjonal bistand vart produsert gjennom året, både til ekstern bruk og som grunnlag for rådgiving og avgjersler i UD og Norad.

Leiar av Norad sin seksjon for statistikk og analyse leia Working Party on Development Finance Statistics (WP-STAT) i 2023, og ein medarbeidar, representerte Noreg i arbeidsgruppa, med mandat frå UD. Det vart arrangert tre møte og ei lang rekke sakar vart handsama. Ei sak som vart konkludert og deretter godkjend i DAC, var endring i rapporteringsdirektiva for privatsektorinstrumentar (PSI). I tillegg var arbeidet med å forbetre rapporteringa av klimarelatert bistand viktig. Diskusjonane om oppdaterte reglar for rapportering av bunden bistand starta.

### Møteplassar for fagleg diskusjon og dialog

Å skape gode faglege møteplassar, få innspel og lytte til partnarar og mottakarland, var viktig for Norad i 2023 òg. Me arrangerte og la til rette for totalt 26 seminar og debattmøte hos Norad med til saman 1600 fysiske og 900 digitale deltakarar.

---

[14] Sjå omtale under Satsingsområde/Klimafinansiering

Den årlege *Norad-konferansen* er vår største og viktigaste møteplass for samarbeidsaktørar. I 2023 var klima, natur og finansieringsbehov tema. Konferansen nådde ut med resultat, fakta og kunnskap om utviklingsspørsmål til partnarar innan bistand, næringsliv, akademia og til befolkninga generelt ved å vere godt synleg i digitale kanalar og med brei mediedekking nasjonalt og internasjonalt. Partnarland og alle delar av Noreg kunne følgje konferansen digitalt.

Seminaret *Tall som teller* har etablert seg som eit heilt sentralt arrangement for å formidle norsk bistandsstatistikk. I 2023 vart både nasjonale og internasjonale nøkkeltal presentert, saman med eit djupdykk i resultat frå bistand til Tanzania.

Norad gjekk i 2023 saman med partnarar frå ulike sektorar om å skape 'Den globale scenen' under *Arendalsuka.* Vi lukkast med eit kostnadseffektivt samarbeid som samla skapte eit stort avtrykk kring globale spørsmål på ein arena der det er stor kamp om merksemda. I tillegg fekk vi synleggjort at fleire sektorar saman bidreg til å nå berekraftsmåla. Norad var redaksjonell samarbeidspartnar på økonomifestivalen *KÅKÅnomics* for tredje år på rad. Me presenterte 'State of the Developing World', følgt av ei panelsamtale kring demokratiutvikling i verda. I tillegg samarbeidde vi for første gong med klimafestivalen *Varmere Våtere Villere* der me bidrog med eit føredrag kalla 'Jorda rundt', om klimaendringar og resultat av klimabistanden. Ei nyskaping av året var *frukostmøte på FNs fattigdomsdag* (sjå under).

Norad arrangerte òg møteplassar i samarbeid med andre utanfor Norad sine lokale. I ei rekke arrangement som andre var ansvarlege for, heldt Norad-tilsette presentasjonar eller var med i paneldebattar.

**Rapporter, analyser og resultat – utvikling, formidling og kommunikasjon**
I det systematiske arbeidet med kunnskapsbasert kommunikasjon er rapportar og analyser sentrale. I 2023 nådde me ut til eit breitt publikum gjennom eigne kanalar og i redaksjonelle medium mellom anna med ein Norad-finansiert *rapport om ulikskap og klimautslepp* lansert på Norad-konferansen, og ein eigenprodusert *rapport om ekstremfattigdom* i samband med FNs fattigdomsdag. I denne rapporten berekna Norad ferske tal på global fattigdom for 2020-2022, og gjorde analyser av kva trendar som påverkar fattigdomsutviklinga i verda. Begge rapportane fekk brei mediedekning.

Me produserte òg fleire korte filmar om Norad-rapportar, analyser og statistikk med gode sjåartal i sosiale medium.  Redaksjonelle medium fekk god tilgang på faktainformasjon om norsk bistand og utviklingsspørsmål. Norad er ei etterspurd ekspertkjelde om utvikling og bistand, og mange tilsette i Norad har bidrege med fagkunnskap i ulike samanhengar.

Å syne resultat av norsk bistand er sentralt i Norad sitt kommunikasjonsarbeid, både gjennom eigne kanalar og i redaksjonelle medium. Vi har lukkast med å setje fokus på resultat av norsk bistand gjennom kronikkar og redaksjonelle oppslag i norske og internasjonale medium på ei rekke ulike tema. For å vidareutvikle Bistandsresulater.no til å bli ein effektiv portal for resultatinformasjon med meir innhald, har vi laga eit forbetra system for å registrere resultatvurderingar. Systemet skal koplast til Bistandsresultater.no, og vil dermed legge til rette for meir resultatinformasjon der.

Me har jobba mykje med å formidle resultathistorier gjennom levande bilete. Videoinnhald gir høgare engasjement hjå publikum samanlikna med andre medieformer, og tillèt oss å formidle komplekse

bodskap på ein enkel og tilgjengeleg måte. Det bidreg til å byggje forståing og støtte for internasjonale utviklingsprosjekt hjå eit norsk publikum.

Dei to største videosatsingane i 2023 var resultat frå bistand til mattryggleik, skog og klima gjennom partnarar i DR Kongo, og resultat av bistand til skog, urfolk, fredsarbeid og SRHR gjennom partnarar i Colombia. Filmane har blitt nytta i store konferansar og lanseringar. Det vart starta ein prosess for å få fotomateriell frå partnarar. Norad og UD fann juridiske og praktiske utfordringar knytt til å leggje dette i avtalane, og har difor funne det meir formålstenleg å nytte den strategiske dialogen med partnarar. Norad kan då vere meir målretta om det er særlege tematiske område departementet ynskjer at skal dekkast. Eit døme på målretta innsats for å få inn bilete er knytt til Nansen-programmet for Ukraina, der ein slik dialog med partnarar vart etablert i desember 2023.

I 2023 publiserte Norad fleire rapportar frå prosjektet Bistand 2030 om heilskapleg innsats i skjeringspunktet mellom humanitær naudhjelp, langsiktig utvikling og fredsarbeid. Arbeidet var eit resultat av konsultasjonar med ei rekke humanitære aktørar, forskarar og embetsverk. Prosjektet lanserte òg rapporten 'Old Problems and New Realities in Africa' saman med fleire afrikanske kunnskapsmiljø. Rapporten byggjer på dialog med ekspertmiljø og spørjeundersøkingar frå over 40 afrikanske land og omhandlar Afrikas presserande utviklingsproblem og utviklingssamarbeidet si rolle i å møte problema. Alle rapportane ligg i publikasjonsbasen på norad.no. Norad samla og publiserte 22 desentraliserte evalueringar i serien Norad Collected Reviews i publikasjonsbasen på norad.no. Rapportane vart òg sendt til den nasjonale Kudos-basen.

**Norad i media i 2023**

- Presseklipp totalt: 960
- Agendasetjande oppslag: 147
- Talspersonar og fagekspertar frå Norad i media: 23

**Norad i digitale kanalar i 2023**

- Norad.no hadde om lag 1,2 millionar sidevisingar og omlag 315 000 brukarar.
- 483 600 såg filmane våre på YouTube.

### Ekspertgruppe om Noreg sine internasjonale bidrag og finansiering av berekraftsmåla – Norad sitt arbeid

Ei ekspertgruppe vart oppnemnt av regjeringa for å vurdere Noreg sine internasjonale bidrag og finansiering av berekraftsmåla. Ekspertgruppa som vart leia av forskingssjef ved NUPI, Ole Jacob Sending, leverte rapporten '*Investering i felles fremtid. Et nytt rammeverk for utviklingspolitikken*' 15. mai 2023. Norad bidrog i dette arbeidet og leverte i etterkant faglege vurderingar til UD. Norad sitt arbeid omfatta å innhente bakgrunnsinformasjon, delta på møter og reiser, skrive rapport og anna arbeid til støtte for ekspertgruppa.

Norad fekk i etterkant oppdrag frå UD knytt til rapporten. Som del av oppdraget berekna Norad korleis norsk bistand fordelte seg på kategoriane som vart foreslått i rapporten. Norad sin analyse synte at 68 prosent av norsk bistand i 2022 fall inn under hovudkategori 1 *Investeringar i fattigdomsreduksjon og utvikling: Re-fokusert ODA*, medan 22 prosent fall inn under hovudkategori 2 *Investeringar i globale føresetnader for utvikling*. Om lag ti prosent gjekk til kategorien *Investeringar i globale fellesgode med lav utviklingsrelevans*. Anslaga synte at kategoriane sin del av BNI varierte betydeleg avhengig av bistandsbudsjettet sin del av BNI i 2022-2023.

Norad leverte òg ei fagleg vurdering av kva som kan vere eit godt rammeverk for å ramme inn, og rapportere om, innsatsar knytt til globale fellesgode for utvikling. Norad konkluderte med at det per

dags dato berre finst eitt adekvat rapporteringsrammeverk: Total official flows for sustainable development (TOSSD). Norad understreka at det er naudsynt å vidareutvikle TOSSD og klargjere avgrensingar. Norad trakk òg fram at Noreg kan spele ei rolle i dette arbeidet framover.

**Nye verktøy for å nå endå breiare ut**
Norad la ned mykje arbeid i å utvikle betre verktøy for å nå ut til publikum. I 2023 lanserte vi ein ny visuell identitet som sikrar universell utforming og eit malverk som gjer at organisasjonen sjølv kan skape profesjonelt innhald på en kostnadseffektiv måte, og utan å måtte gå via grafisk byrå. Arbeidet med eit nytt norad.no kom òg langt. Målet er ei meir brukarvenleg nettside for tilskotspartnarar og dermed betre effektivitet for både brukarar og Norad. Norad.no skal òg leggje til rette for effektiv kunnskapsdeling og sikre krav til universell utforming og språk.

**Bistandsaktuelt/Panorama**
- Ny lansering som Panorama Nyheiter på nett
- Lansering av Panorama magasin, og lansering av Panorama-app i AppStore
- Om lag 1,3 millionar sidevisningar på panoramanyheter.no
- Jamleg sitert i fleire medium, mellom anna ABC Nyheiter, nyheitsportalen Sol.no, NTB, VG og NRK
- Redaktøren vart nominert til Årets redaktør i kategorien 'Årets nyskapar'

# 4. Evaluering

Avdeling for evaluering jobbar for å fremje læring, diskusjon og bruk av kunnskap frå evalueringsarbeid i tråd med *Instruks for evaluering av norsk utviklingssamarbeid* og tilhøyrande retningslinjer.

I mai vart revidert evalueringsprogram for perioden 2023-2024 lansert. Innretninga frå førre evalueringsprogram med fokus på evaluering av bistand i sårbare statar og konfliktar, klima, miljø og matsikkerheit, inkludering, forvaltning av bistand samt multilaterale organisasjonar som kanal for norsk bistand, vart vidareført.

I juni inviterte Avdeling for evaluering til ein open debatt om bistand til Ukraina med fokus på anti-korrupsjonsarbeid. I diskusjonen deltok spesialrepresentant for Ukraina i UD Christian Syse, Norad-direktør Bård Vegar Solhjell, fagdirektør i Norad Lise Stensrud, OsloMet-forskar Oleksandra Deineko og utanlandsssjef i Flyktninghjelpen Magnhild Vasset.

I løpet av året vart to evalueringar og ein studie offentleggjort. Den først vurderte norsk fiskeribistand gjennom tre-part-samarbeidet mellom FAO, Havforskingsinstituttet og Norad med fokus på bistand gjennom forskingsfartøyet Dr. Fridtjof Nansen. Samarbeidet har to hovudkomponentar: kartlegging av fiskebestandar og opplæring av fiskerifagfolk i partnarland. Formålet har vore å støtte utviklingsland i å etablere ei berekraftig fiskeriforvalting som bidreg til å redusere fattigdom og betre mattryggleik. Evalueringa finn at begge komponentane er relevante for landa som får støtte, men at støtta er særleg relevant for dei landa som forvaltar større fiskeribestandar på djupt hav. Relevansen for land og fattige kystsamfunn som driv småskalafiske i kystnære strøk er avgrensa. Slike område er ikkje tilgjengeleg for forskingsskipet og landa sjølve har svake føresetnader for å kunne dra nytte av

opplæringstilboda og data som er samla inn. Rapporten vart lansert på eit seminar i mars der statssekretær Sandkjær deltok.

Den andre evalueringa såg på norsk engasjement i Sahel regionen. Evalueringa finn at den norske støtta er relevant og at norsk bistand har medverka til  positive resultat for målgruppa i enkeltprosjekt. Den peiker òg på at støtta har potensiale til å oppnå meir dersom innsatsen frå norsk side hadde blitt sett i samanheng og koordinert betre. Evalueringa finn òg at systema som skal bidra til erfaringsutveksling og læring av og mellom dei involverte aktørane som er ansvarlege for innsatsen, er svake. Slike verktøy finst, men bruken av dei er ad hoc og basert på innsatsen og kapasiteten til enkeltpersonar. Evalueringa vart lansert på eit godt vitja seminar i november der statsekretær Sandkjær deltok.

I 2023 vart første rapport i ei evaluering av norsk støtte til mattryggleik ferdigstilt. Dette var ein gjennomgang av langsiktige effektar av tiltak for å styrkje mattryggleik. Gjennomgangen fann at det er gjort få evalueringar på dette feltet og at det er behov for meir kunnskap om kva tiltak som kan medverke til berekraftige resultat. Basert på gjennomgangen som omfatta 19 evalueringar, kan det sjå ut som at program som er tilpassa lokal kontekst, kombinerer fleire tiltak og som har stabile rammevilkår og langsiktig finansiering, oppnår betre resultat.

Avdelinga har i fleire år hatt fagleg samarbeid med ulike evalueringsfunksjonar i multialterale organisasjonar. I oktober inviterte avdelinga i samarbeid med den uavhengige evalueringsfunksjonen i UNWomen til eit ope webinar der me sette søkelyset på korleis kjønnsperspektivet kan varetakast i gjennomføringa av evalueringar.

Alle rapportar og oversendingsnotat, samt tilsvar frå departementa, er å finne på www.norad.no/evaluering.

# 5. Oppdrag gitt av Utanriksdepartementet

| Nr. | Tittel | Status pr 31. desember 2023 |
|---|---|---|
| 01 | Gjennomgang av klimatilpasningsstrategien | Oppdraget er under arbeid i dialog med UD, og videreføres til 2024. |
| 02 | Gjennomgang av Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) | Oppdraget ble oversendt departementet 27. mars 2023. |
| 03 | Oppnåelse av SRHR-forpliktelsen og forpliktelsen om bekjempelse av skadelige skikker | Oppdraget ble svart ut iht. frist per 31. august 2023. |
| 04 | Styrket kunnskapsgrunnlag for satsing på SRHR | Justert oppdrag ble svart ut etter avtale med UD. |
| 05 | Oppfølging av nulltoleranserapporten – veiledning til tilskuddsmottakere | Oppdraget ble i 2023 løst med dialogmøte med sivilsamfunn og orientering om tilgjengelige kurs hos U4. Arbeidet fortsetter i 2024. |
| 06 | GMA: Utarbeide fondstilpasset veiledning | Oppdraget er svart ut, egen fond "side" i GMA er opprettet. |
| 07 | Gjennomgang av ordningsregelverk | Reviderte ordningsregelverk ble oversendt 28. november 2023. Se også ordningsregelverk |

| | | |
|---|---|---|
| | | 'Likestilling' samt 'Ukraina og naboland' (oppdrag 31). |
| 08 | Finansiering av internasjonal innsats for å nå bærekraftsmålene | Oppdraget ble svart ut iht. frist. |
| 09 | Resultatrapport for implementering av Strategi for ytringsfrihet i utenriks- og utviklingspolitikken | Rapport ble oversendt 31. oktober 2023 iht. frist. Se nærmere omtale under «Menneskerettigheter og demokrati» |
| 10 | Tematisk analysenotat om utdanning og klima | Oppdraget ble svart ut 14. mars 2023 iht. frist. |
| 11 | Felles format (mal) for overordnet programskildring for kunnskapsprogram | Oppdraget ble svart ut 30. mai 2023. |
| 12 | Utarbeide avtalemal for frivillige bidrag til OECDs utviklingsarbeid | Forslag til avtalemal ble oversendt iht. avtalte frister. Det har vært betydelig kommunikasjon med bl.a. departementet både høst 2023 og tidlig 2024. Arbeidet med endelige avtalemaler pågår. |
| 13 | Strategisk innretning av samarbeidet med det sivile samfunn | Oppdraget ble svart ut iht. frist i dialog med departementet. |
| 14 | Utrede nye modeller for demokratifremme og politiske partier | Oppdraget ble svart ut iht. frist. Departementet ga sin tilslutning til anbefalingen. Tilskuddsordningen ble overført til NOREC fom. 1. januar 2024. |
| 15 | Vurdering om videre utvikling av bistandsprogrammet mot marin forsøpling | Oppdraget ble svart ut iht. frist. |
| 16 | Oppfølging av strategien «Likestilling for alle: Styrket inkludering av personer med nedsatt funksjonsevne i utviklingspolitikken» | Oppdraget ble oversendt 15. november iht. justert frist. |
| 17 | Analyse – Angrep mot likestilling | Oppdragets del 1 ble 30. mars oversendt iht. frist. Del 2 av oppdraget bortfalt, jfr. supplerende tildelingsbrev nr. 2-2023. |
| 18 | Statusrapport – statistikkinformasjon om særlig viktige satsingsområder | Statusrapport ble levert som del av tertialrapport 15. september. Inkluderer rapport på skadelige skikker og SRHR, jfr. oppdrag 3. |
| 19 | Veileder for helhetlig innsats (nexus) | Oppdraget ble svart ut iht. frist. |
| 20 | Veileder for Soil Knowledge Platform | Oppdraget ble svart ut iht. frist. |
| 21 | Kunnskap, evaluering og læring av Nansen-programmet | Norads svar ble oversendt 29. november 2023. |
| 22 | Utarbeide forslag til innretning av en søknadsbasert ordning for sivilt samfunn i Ukraina | Se omtale under satsingsområder/Nansen-programmet for Ukraina. |
| 23 | Støtte til institusjonssamarbeid med Ukraina | Norads svar ble oversendt 29. februar 2024 |
| 24 | Utarbeide forslag til norsk støtte for økt mobilisering av private investering i Ukraina | Se omtale under satsingsområder/Nansen-programmet for Ukraina. |
| 25 | Kartlegging av tiltak som medfører reduserte utslipp av metan | Norads kartlegging ble oversendt 19. september 2023. |

| | | |
|---|---|---|
| 26 | Støtte til UN Global Compact | Oppdraget ble svart ut. Norad inngikk avtale med UNGC om støtte med myk øremerking i 2023. |
| 27 | Etablering av ny modell for strategiske partnerskap med store og strategisk viktige sivilsamfunnspartnere (plusspartnerskap) | Oppdraget ble svart ut iht. frist. Etter UDs godkjenning er det utarbeidet nytt regelverk. Norad skal etter anslagsvis 3-5 år levere vurdering av om plusspartnerskap fungerer som forventet. |
| 28 | Vurderinger til utvikling av ny fase av EAF Nansenprogrammet | Norads vurdering ble oversendt UD 28. juni 2023 |
| 29 | Oppfølging av rapporten «Investering i felles framtid. Et nytt rammeverk for utviklingspolitikken». | Oppdraget er svart ut iht. avtalte frister med UD. Deloppdrag a) ble oversendt 29. september. Deloppdrag b) ble oversendt 28. november. Deloppdrag c) ble oversendt 02. februar 2024. Se omtale under 'Kunnskapsutvikling'. |
| 30 | Kartlegging av partnere og initiativ som understøtter Norges ønske om lederrolle innenfor FNs finansiering for utviklingsagenda | Norads svar ble oversendt 11. desember 2023. |
| 31 | Forslag til ordningsregelverk for Kap 159, post 73 Ukraina og naboland | Oversendt, se omtale under satsingsområder/Nansen-programmet for Ukraina. |
| 32 | Utkast til addendum til avtaler for humanitære midler til Ukraina og nabolandene. | Addendum for de ulike avtalene ble løpende utarbeidet av Norad. Samtlige var ferdigstilt før 31. desember 2023. |
| 33 | Norsk innsats for helsesystemstyring: rapportering og analyse | Norads svar på oppdraget ble oversendt 11. desember 2023. |
| 34 | Vurdering av Norges forpliktelse til Financial Action Task Force (FATF) | Oppdraget er under arbeid, med tett dialog med UD. |
| 35 | Forslag til innretning og innhald i stipendprogram for masterstudenter frå utviklingsland | 1. november 2023 |
| 36 | SRHR-parlamentariker konferanse på Stortinget, april 2024. Planlegging og gjennomføring (+ føring for midler over 160.70) | Rapport om gjennomføringen oversendes i etterkant av konferansen. Frist avklares når dato for konferanse er satt. |
| 37 | Deltakelse i Global Alliance for Development Impact (Norad gis fullmakt til å representere Norge i alliansen) | Tentativt 15. desember 2023, med løpende dialog |
| 38 | Utarbeidelse av regelverk for ny statlig garantiordning. | Deloppdragene har frister i 2024. |

# 6. Utgreiing av større avvik mellom tildelt beløp og rekneskapsført beløp

## 6.1 Driftsmidlar

Samla løyving til Norad på driftspostane frå UD og KLD, inkludert overført frå 2022, var i 2023 på 460 mill. kroner.

Året har vore prega av høg aktivitet og behov for reell prioritering. Tett styring og oppfølging av driftsbudsjettet gjorde det mogleg å omprioritere midlar gjennom året. Norad fekk ei auke i tildeling då me fekk ansvaret for forvaltinga av den sivile delen av Nansen-programmet for Ukraina. Lønnsutgifter til prosjekttilsette har i 2023 blitt bokført over alle driftspostane. Mindreforbruket er i stor grad knytt til forskyving av planlagde aktivitetar og forseinka faktureringstidspunkt.

## 6.2 Tilskotsmidlar

Tildelingane på tilskotspostane frå UD og KLD i 2023, inkludert overføringar frå 2022, var på høvesvis 24 504,8 mill. kroner fordelt på 30 budsjettpostar og 1 258,3 mill. kroner over éin budsjettpost. Rekneskapen syner at Norad sitt totale forbruk på tilskotspostane var på 25 753,3 mill. kroner, noko som utgjer 99,96 pst av den totale tildelinga.

Det er ikkje vesentlege avvik på tilskotpostane, med unntak av kap. 162, post 71 *Mattryggleik, fisk og landbruk* og kap. 170, post 70 *Sivilt samfunn* der det ved ein inkurie har oppstått overforbruk på høvesvis om lag 1,4 mill. kroner og om lag 3 600 kroner. Overforbruk vart meldt til UD 30. januar 2024 og i Norad si forklaring til den sentrale statsrekneskapen for rekneskapsåret 2023. Norad stadfestar at nemnde overforbruk i 2023 vil dekkjast inn ved tilsvarande reduksjonar i 2024. Norad er allereie i gong med å identifisere og setje i verk skjerpa rutinar for å hindre at tilsvarande feil skjer i framtida.

# Del IV Styring og kontroll

## 4.1 Overordna styring og kontroll

Styringa av Norad tek utgangspunkt i dei årlege tildelingsbreva frå UD og KLD med supplerande tildelingsbrev og oppdrag gjennom året. Gjennom Norad sin strategi, planar og den årlege risikovurderinga prioriterer me område og aktivitetar for å sikre at måla og krava blir nådde innanfor ressursane og rammene for verksemda. Plan- og budsjettprosessen følgjer ein styringskalender som er tilpassa etatsstyringsprosessane frå departementa.

Verksemdsstyringa i Norad har både eit eittårig og fleirårig perspektiv, og byggjer opp under mål i budsjettproposisjonane, føringane frå departementa og Norad sin strategi 2030. Ein årleg plan gir ei samla oversikt over direktøren sine føringar for året og andre føringar, planar og strategiar. Avdelingar og seksjonar i Norad utarbeider eigne planar som operasjonaliserer den årlege planen. Utfordringar knytt til overordna måloppnåing handterast gjennom risikostyring, og saman med bemannings- og kompetansebehov blir dei vurdert kvartalsvis. Dette har bidrege til god styring og kontroll gjennom året og gir eit godt grunnlag for tertialrapporteringa til departementa.

Ei overordna risikomatrise vart førelagd departementa som del av etatsstyringa og bidrog til fokus på risikoreduserande tiltak gjennom året. Døme på påbyrja risikoreduserande tiltak knytt til styring og kontroll av tilskotsmidlar er omtala under 'Kvalitet og effektivitet' og nedanfor.

## 4.2 Tettare styring av tilskotsmidlar

Tildelinga til Norad auka med 45 prosent samanlikna med 2022. Auken skuldast i stor grad at Norad fekk forvaltingsansvar for den sivile delen av Nansen-programmet for Ukraina. Aukinga i tilskotsmidlar til forvalting dei siste åra har ytterlegare styrkt tydinga av god styring av budsjettet. Norad har styrkt fokus på fleirårige budsjett og scenarioplanlegging på tilskotspostane. Dette har me gjort for å ha betre oversikt over mogleg handlingsrom og konsekvensar ved eventuelle endringar i tildeling gjennom året. Budsjettstyringa tek òg i betraktning dei til ein kvar tid gjeldande politiske og tematiske føringane frå departementa og bidreg til ei meir strategisk styring og forvalting av dei tildelte tilskotsmidlane og auka medvit kring dei overordna måla. Den styrkte budsjettstyringa har òg bidrege til noko jamnare utbetalingstakt gjennom året.

## 4.3 Oppfølging av nulltoleranse for økonomisk misleghald og seksuelt misbruk og trakassering

Norad arbeidde i 2023 med å setje i verk tilrådingar i rapporten 'Praktisering av nulltoleranse i tilskotsforvaltinga'. Det vart mellom anna organisert dialogmøte mellom Norad og sivilsamfunnet sitt anti-korrupsjonsnettverk for å dele erfaringar og orientere om nye kurstilbod hjå U4 Anti-Corruption Resource Center. Det vil bli organisert fleire slike møtepunkt framover. Norad planlegg å publisere ei rettleiing om krav og forventningar til oppfølging av nulltoleranse hjå partnarar i samband med nye nettsider i 2024.

Norad praktiserer nulltoleranse for økonomiske misleghald ved førebygging, avdekking, undersøkingar og sanksjoner. Internrevisjonen fekk 108 meldingar og varsel i 2023, 86 om økonomisk misleghald og ni om seksuelt misbruk og trakassering hjå Norad sine tilskotsmottakarar eller deira partnarar. 13 av meldingane omhandla brot på 'social safeguarding'. Handtering av brot på etiske regelverk eller lovbrot får aukande systematisk oppfølging hjå nokre av tilskotsmottakarane, og sjåast som uttrykk for medvit og etterleving av grunnleggande menneskerettar. 15,2 mill. kroner vart tilbakebetalt som følgje av misleghald av avtale. Når tilskotsavtalen etterlevast på ein god måte kan tilskotsmottakar føre misleghalde midlar attende til tiltaket og ikkje til UD og Norad som tidlegare.

Det vart gjennomført 19 stikkprøver hos sluttmottakarar av Norad-støtte som del av førebyggande arbeid mot økonomiske misleghald. Stikkprøvene vart gjort i universitet, verksemder og sivilsamfunns-organisasjonar. Undersøkingane vart utført på område der organisasjonane sin internkontroll syner høgast risiko. Dei fleste undersøkingane synte god forvalting hos mottakarane av tilskot og deira partnarar, medan det vart avdekt fleire brot på avtalen med Norad, eller forhold som på andre måtar utgjer ein risiko for gjennomføring av tiltak og nytten av den økonomiske støtta. Ved alle funn tilrådde internrevisjonen i rapportane forbetringstiltak. Ein eigen årsrapport om Norad sitt arbeid med økonomiske mislighald er tilgjengeleg på norad.no.

Det vart gjennomført fire interne revisjonar i 2023. Dei omhandla internkontroll, miljøleiing, analyse av pengestraumar og tilskotsforvalting.

## 4.4 Førebyggande tryggleik

I arbeidet med fysisk tryggleik og informasjonstryggleik følgde Norad m.a. opp tilrådingane frå risiko- og sårbarheitsvurderinga (ROS) frå desember 2022. Norad innført nye og styrkte rutinar for tryggleik på tenestereiser. Beredskapsplanen vart oppdatert, inklusive ein ny kriseorganisering. Hausten 2023 vart det gjennomført ei spel-øving for den nye beredskapsorganisasjonen.  Utgangspunktet var i oppdraget Norad fekk med Nansen-programmet for Ukraina. Beredskapsarbeidet vart justert ytterlegare etter øvinga. Det vart gjennomført aktivitetar for å styrkje tryggleikstenkning- og kultur i Norad.

Ein kampanje om informasjonstryggleik med alle tilsette som deltakarar bidrog til medvit om truslane mot digital tryggleik. Kampanjen er evaluert, og me legg den til grunn for korleis me skal jobbe vidare med trening, haldningar og medvit når Norad i 2024 etablerast med ny IKT-plattform.

Norad utarbeidde ei trusselvurdering med assistanse frå konsulentselskapet BDO. Trusselvurderinga var utarbeidd på grunnlag av tidlegare kartleggingar av risiko og informasjonsverdiar, og er retta mot truslar i cyberdomenet. Trusselvurderinga leggjast til grunn for vidare risikovurdering og tryggingstiltak Norad vil implementere når me går over til ny IKT-plattform.

Som del arbeidet med sikring av personopplysningar gjekk me gjennom og heldt ved like Norad sitt styringssystem for behandling av personopplysningar. Det vart mellom anna vedteke eit nytt styringsdokumentet der ansvar, rollar og overordna prosessar er klargjort.

**Vurdering av tryggleik og risiko ved flytting til ny IKT-plattform**
I samband med at Norad skal over på ny IKT-plattform i april 2024 etablerte Norad eit prosjekt i 2022. Prosjektet gjennomførte i 2023 ei større anskaffing for å finne ein ny leverandør av Norad si nye IKT-

plattform. Trussel- og verdivurderingane var sentrale innspel til arbeidet med å lage konkurransegrunnlag og utforme krav. Prosjektet henta òg inn ekstern bistand frå advokatfirma Wikborg Rein for både å kravstille og evaluere informasjonstryggleiken, med særleg fokus på at den nye IKT-plattforma skal etablerast på ei amerikansk-eid sky-plattform (Microsoft Azure), som den nye leverandøren skal drifte og forvalte. All data blir lagra på europeisk jord.

Prosjektet kartla alle underleverandørar og alle underdatahandsamarar som leverandøren nyttar for å levere ei komplett teneste med fokus på informasjonsstryggleik. I desember 2023 valde Norad Intility som leverandør av Norad si framtidige IKT-plattform. Arbeidet med migrering starta i januar 2024. Norad vil i april flytte over på ei moderne skybasert plattform med drift og overvaking døgnet rundt.

I prosjektet var det særleg vekt på Nasjonal sikkerhetmyndighet (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik med fokus på herding av alle endepunkt og tenester, samt prosessar og metodar for tryggleiksarbeid når me utforma dei tekniske krava til leverandøren.

Prosjektet har løpande oppdatert risikobildet for prosjektgjennomføringa og hatt dialog med UD IKT og styringsgruppa.

## 4.5 Miljøvenleg bistand

Norad er sertifisert etter ISO 14001-standarden for miljøleiing, og jobbar med forbetringar innan klima og miljø. Miljøstyringssystemet gjeld både Norad si drift og i vår forvalting av tilskotsmidlar, og er integrert i heile Norad si forvalting. Det inkluderer miljømål og ein handlingsplan for grønare bistand. Planen set rammene for korleis Norad, gjennom eiga drift og ved å påverke mottakarar, skal bidra til auka klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og lågutsleppsutvikling. Gjennomføringa av miljøhandlingsplanen gav resultat på fleire område i 2023. Mellom anna har Norad redusert utslepp frå flyreiser med over 66 pst. samanlikna med 2019. Meir informasjon under Del III.

## 4.6 Norad sine tilsette

Norad hadde ved slutten av året 280 tilsette. Talet på tilsette er nær uendra frå 2022. 83 prosent av dei tilsette har høgare utdanning på master- eller hovudfagsnivå. Utskiftinga har vore relativt stabil mellom ni og elleve prosent dei siste åra, med ni prosent i 2023. Ved utgangen av 2023 hadde 32 tilsette permisjon utan løn, 27 av desse for å jobbe ved ein utanriksstasjon.

Norad har i 2023 lagt betre til rette for kompetansestyring og -utvikling gjennom ei ordning for intern mobilitet. Kompetanseutvikling og opplæringstiltak omtalast under Del III, kvalitet og effektivitet.

**Tabell 5 Sjukefråvær i 2022 og 2023 fordelt på kjønn og type fråvær (i prosent)**

| År | Deltid | | Mellombels tilsette | | Foreldre-permisjon | | Legemeldt fråvær* | | Samla fråvær lege- og eigenmeldt* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | M | K | M | K | M | K | M | K | |
| **2022** | 50 | 50 | 30 | 70 | 40 | 60 | 2,4* | 2,8* | 3,8* |
| **2023** | 75 | 25 | 59 | 41 | 33 | 67 | 2,0 | 3,8 | 4,3 |
| *reviderte tall ble ettermeldt i juni 2023 | | | | | | | | | |

**Tabell 6 Tal tilsette fordelt på stillingstype, år og kjønn per 31.12.2023**

| | | Tilsette | Prosent K/M | |
|---|---|---|---|---|
| *pr. 31.12.2023* | | | **M** | **K** |
| Totalt i Norad* | 2023 | 280 | 41 | 59 |
| Totalt i Norad* | 2022 | 278 | 37 | 63 |
| Avdelingsleiing | 2023 | 9 | 33 | 67 |
| Avdelingsleiing | 2022 | 7 | 43 | 57 |
| Fagdirektørar | 2023 | 17 | 59 | 41 |
| Fagdirektørar | 2022 | 15 | 47 | 53 |
| Mellomleiing | 2023 | 30 | 33 | 67 |
| Mellomleiing | 2022 | 26 | 27 | 73 |
| Seniorrådgivarar | 2023 | 189 | 40 | 60 |
| Seniorrådgivarar | 2022 | 196 | 38 | 62 |
| Rådgivarar | 2023 | 27 | 37 | 63 |
| Rådgivarar | 2022 | 30 | 30 | 70 |
| Konsulent, første- og seniorkonsulent | 2023 | 7 | 71 | 29 |
| Konsulent, første- og seniorkonsulent | 2022 | 0 | 0 | 0 |

*Alle tilsette både UD og KLD midlar, uavhengig av tilsettingsform, både heil- og deltid. Inkluderer direktør. Kjelde: SAP, Norad.

## 4.7 Regjeringa sine fellesføringar

*Lærlingar skal stå i rimelig forhold til verksemdens størrelse*
Det er få oppdrag i Norad som kan gjennomførast av ein lærling. Der slike oppgåver finst, er dei fordelt på store deler av organisasjonen, og omfanget har så langt ikkje vore tilstrekkeleg til å vere meiningsfullt å tilby.

*Redusert konsulentbruk*
Norad har satt i verk fleire tiltak for å levere på regjeringa si fellesføring om å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Tiltaka har medverka til redusert konsulentbruk på fleire område. Det er sett i verk tiltak for å redusere behov for ekstern bistand til kvalitetssikring av Norad si tilskotsforvalting. Det vil ta tid å hente ut effektane av desse tiltaka.

Samstundes er Norad framleis avhengig av noko ekstern spisskompetanse og kapasitet mellom anna til å implementere Norad si nye IKT-plattform, evaluering, internrevisjon og ekstern kvalitetssikring i granskingar. Me nytta òg ekstern ekspertise for å gjennomføre ei kartlegging og marknadsundersøking av små- og mellomstore verksemder i Afrika i utviklinga av FASA-fondet. I kommunikasjonsarbeidet har Norad redusert konsulentbruken med 70 prosent frå 2022, medan me i stort har redusert kjøp av konsulenttenester med 31 prosent frå 2022 til 2023.

*Moglegheit for desentralisert arbeid*
Norad praktiserer fleksible arbeidsformer med liberale retningslinjer for fjernarbeid i Noreg og individuelt tilpassa løysingar. Norad har hatt eit fåtal tilsette som har fått høve til fjernarbeid frå eit anna land. Slike avtaler kan vere krevjande å følgje opp med rapportering til arbeidsregistre og skatte-/trygdespørsmål med andre land. Løyve til arbeid frå utlandet er difor styrt av Norad sine behov og lokale forhold i det aktuelle landet.

**Likestilling og ikkje-diskriminering**
Norad jobbar aktivt for likestilling og mot diskriminering i tråd med aktivitetsplikta etter likestillings- og diskrimineringsloven. Ved rekrutteringar følgjer Norad statlege retningslinjer knytt til mangfald.

60 prosent av Norad sine tilsette er kvinner, og 40 prosent er menn. Dette er ei kjønnsfordeling som har lege jamt over mange år.

- Tre søkjarar med minoritetsbakgrunn vart tilsett i 2023. 275 personar med innvandrarbakgrunn søkte på 27 av dei 28 stillingane me lyste ut. Det vart gjennomført intervju av personar med minoritetsbakgrunn i 22 av stillingane.

- Ingen søkjarar med hol i CV-en vart tilsett i 2023. 29 søkjarar hadde hol i CV-en, og søkte på 11 stillingar. Det var kvalifiserte søkjarar i denne gruppa til tre av stillingane, og det vart gjennomført intervju.

- Til saman 29 søkjarar til 11 av dei utlyste stillingane oppgav å ha funksjonsnedsetting. Det vart gjennomført intervju med tre av dei, der éin person vart tilsett.

# Del V Framtidsutsikter

Vi står overfor ei verd full av utfordringar. Bileta og rapportane frå Gaza, Ukraina og Sudan er grufulle. Dei fortel oss at prosessen med å byggje opp samfunna igjen etter krig og konflikt vert lang og vil krevje enorme ressursar. Klimaendringane treff land i utviklingsland hardt, og talet på menneske under fattigdomsgrensa aukar.

Bistand kan ikkje møte desse behova aleine, men kvar krone tel. Samstundes ser ein at stadig fleire land kuttar i sine bistandsbudsjett. Det sett større krav til korleis me brukar bistandspengane på best mogleg måte. Me må vite endå betre kva som verkar og kva som ikkje verkar, og gjere kunnskapsbaserte prioriteringar av satsingar og tiltak basert på god dialog med land og partnarar i sør.

Det nye Nansen-programmet for Ukraina – det største programmet i norsk bistand nokosinne – er no i full utrulling. Forvaltinga av dette vil krevje fleksibilitet, kloke avgjersler og god sakshandsaming.

Samstundes går me dei neste åra i møte med store organisatoriske endringar mellom departement og direktorat. Til no har Norad forvalta det meste av utviklingsbistanden, medan Utanriksdepartementet har forvalta den humanitære innsatsen. I 2023 avgjorde regjeringa å tydeleggjere ansvars- og rolledelinga mellom UD og Norad, og dermed få ei klårare arbeidsdeling mellom departement og direktorat. Fagleg rådgiving og forvalting av bistand skal frå og med august 2024 samlast i større grad og leggast til Norad, inkludert den humanitære bistanden. Utanriksdepartementet har ansvaret for politikkutforming og styring. Reformen vil setje oss i stand til å forvalte pengane på ein heilskapleg og fleksibel måte og sikre sterkare koplingar mellom utvikling, humanitærhjelp og langsiktig innsats der dette trengst. Norad har nytta 2023 på å ruste seg til å ta i mot store, nye oppgåver i 2024.

Me må finne måtar å best mogleg handtere ‘den nye normalen’ der dei humanitære krisane, valdeleg konflikt og dei langsiktige behova kryssar kvarandre, og klimaendringar gjer vondt verre. Me må finne måtar å lukke finansieringsgap på og leggje til rette for auka finansiering frå private kjelder.

Verda står i ein situasjon som krev handling. Desse utfordringane står Norad klar til å møte gjennom tett og godt samarbeid med aktørar både heime og ute.

# Del VI Årsrekneskap

## Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd etter staten sine retningslinjer for økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå departementa. Årsrekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter og fordringar og gjeld. Norad fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet. Årsrekneskapen skal gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året.

## Vurdering av vesentlege forhold ved årsrekneskapen

Norad hadde i 2023 ansvar for kjernebidraga til gåvefonda gjennom utviklingsbankane for dei fattigaste landa. Dette gjeld Verdsbanken sin International Development Association (IDA), Afrikabanken sitt African Development Fund (AfDF)  og Den asiatiske utviklingsbanken sitt Asia Development Fund (AsDF). Bidraga blir gitt gjennom gjeldsbrev. Norad har òg hatt ansvaret for gjeldsbrev som gjeld 'Den globale miljøfasiliteten' (GEF). Gjeldsbrevordninga er meint som tryggleik for betaling/påfylling av Noreg sitt bidrag til desse gåvefonda.

I samsvar med retningslinjer frå Finansdepartementet er det UD som rapporterer på alle gjeldsbrev inkludert dei som har blitt overført til Norad. Beløpet er likevel lagt inn i Oppstilling av løyvingsrapportering i samråd med UD.

## Valutakonto

Norad oppretta i 2023 ein valutakonto i amerikanske dollar for å oppbevare innbetalingar frå andre givarar som skal nyttast til framtidige prosjektpartnarar i utviklingsland gjennom FASA-fondet som skal opprettast i løpet av 2024. Konto er renteberande og oppsamla renter for 2023 blir bokført i 2024.

## Revisjonsordning

Rekneskapen til Norad blir revidert av Riksrevisjonen, som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men stadfestinga blir gjort offentleg når me mottar den.

Oslo, 15. mars 2024

Bård Vegar Solhjell
direktør

## Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Norad er utarbeidd etter staten sine retningslinjer for økonomistyring og verksemds- og økonomiinstruks for Norad, vedteken av Utanriksdepartementet 1. januar 2021. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare bestemt i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav sett av overordna departement. Verksemda er omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, i statsforvaltninga gjeldande frå 2015. Nærare bestemt i rundskriv R-116/2022 frå Finansdepartmentet.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa har ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som syner behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som syner kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som syner grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorapportering tek utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

a. Rekneskapen skal følgje kalenderåret (eittårsprinsippet)
b. Rekneskapen skal innehalde alle utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendigheitsprinsippet)
c. Regnskapet skal utarbeidast etter kontantprinsippet
d. Utgifter og inntekter skal førast i rekneskapen med brutto beløp (bruttoprinsippet)

Oppstilling av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» skal vere lik i dei to oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank etter krav i punkt 3.7.1. i føresegnene. I ei brutto-budsjettert verksemd blir ikkje likvide midlar tilførte gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto. Ved slutten av året blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

## Løyvingsrapportering

